



2023 -
2026

HEMSEDAL KOMMUNE



Hemsedal Bygdearkiv

HANDLINGS- PROGRAM OG ØKONOMI- PLAN

Vedtatt av
kommunestyre 14.
desember 2022

Innhold

1. Innleiing.....	5
1.1. Definisjonar	6
1.2. Kommunen sine satsingsområder	7
1.3. Evaluering og resultatoppfølging	8
1.4. Kommuneøkonomien	9
2. SAMFUNNSPERSPEKTIVET	11
2.1. Bulyst (Bygd -og stadutvikling, kultur, idrett, organisasjonsliv)	12
2.1.1. Nosituasjon	12
2.1.2. Mål og strategiar for bulyst	13
2.2. Livsløp.....	14
2.2.1. Nosituasjon	14
2.2.2. Mål og strategiar for Livsløp	15
2.3. Miljø (Kulturarv, ressurs- og miljøforvaltning)	16
2.3.1. Nosituasjon	16
2.3.2. Mål og strategiar miljø.....	17
2.4. Næringsliv (Innovasjon, utbygging, landbruk og samferdsel)	18
2.4.1. Nosituasjon	18
2.4.2. Mål og strategiar næringsliv	19
3. TENESTEPERSPEKTIVET	21
3.1. Oppvekst.....	21
Barnehagane skal	22
Skulane skal	22
3.2. Kultur.....	23
3.3. Helse – og omsorgsetaten.....	24
3.3.1. Helse for barn og unge	25
3.3.2. Helsetilbod for vaksne	25
3.3.3. Omsorgstenesta for eldre.....	26
3.3.4. Helsehuset	26
3.3.5. Legetenesta	27
3.3.6. Fysioterapi og ergoterapi.....	27
3.3.7. Bråtenjordet	28
3.4. Mottak og busetjing av flyktningar	29
3.5. Teknisk etat	29

3.5.2.	Renovasjon, vatn- og avlaup.....	31
3.5.3.	Kommunale vegar.....	31
3.5.4.	Matrikkel-, plan og byggjesak.....	32
3.5.5.	Landbruk, miljø og næring.....	32
4.	INNOVASJON OG EFFEKTIVISERING	34
5.	GJENNOMGRIPANDE FOKUSOMRÅDER	36
6.	MEDARBEIDARPERSPEKTIVET	37
7.	BUDSJETT- OG ØKONOMIPLAN.....	39
7.1.	Føresetnader budsjett.....	40
	Finansielle måltal og handlingsregel	40
	Bruk av fond	40
	Befolkningsutvikling	41
	Aktivitetsnivå og tenestetilbod	41
	Frie inntekter	42
	Eigedomsskatt med innføring av botnfrådrag.....	42
	Sal av kraft	43
	Andre inntektsføresetnadar	43
	Løn og pensjonsutgifter.....	43
	Kostnader til kjøp av varer og tenester	44
	Refusjon ressurskrevjande brukarar	44
	Renter og avdrag	44
	Startlån – utlån til etablering eller refinansiering	44
	Busetting av flyktningar:.....	45
7.2.	Interkommunale samarbeidsavtalar (IKS).....	45
7.3.	Tilskot og overføringer	47
	Tilskot til Hemsedal Utmarkservice (HUS).....	47
	Hemsedal Aktivitetspark	48
	Tilskot Solstad bru – «Kommune 3.0».....	49
	Start Up Extreme	49
	Turveg Bruøyne - Hugnadheim.....	50
	Kyrkja - fellesrådet.....	50
7.4.	Nye driftstiltak.....	50
	Innstille planprosessen for Golf Alpin	52
7.5.	Innsparings- og effektiviseringstiltak	53

7.6.	Økonomisk oversikt drift.....	54
7.7.	Bevillingsoversikt drift.....	55
	Bevilling pr område	56
7.8.	Investerings tiltak.....	57
7.9.	Bevillingsoversikt investering.....	59
9.	GEBYR OG BETALINGSSATSAR	60

1. Innleiing

I 2023 er det Kommunestyre- og fylkestingsval. Det minner oss på at lokaldemokratiet er sjølv grunnsteinen i folkestyret og innbyggjarane si moglegheit for deltaking, medverknad og engasjement.

Våre innbyggjarar skal igjen stemme på representantar til «nye» Buskerud fylke. 2023 blir også året for å starte lokalsamfunnsutviklinga på nytt, etter ein lang periode med pandemi, høgt sjukefråvær, heimekontor og kortsiktig handlingsorientering. No treng vi det langsiktige blikket, kor konsekvensane av dagens arbeid vert vist i løpet av eit eitt-, fire- og tiårsperspektiv. Det vert ein spennande og god overgang for oss alle.

Norsk økonomi og verdsøkonomien er for tida prega av langt større usikkerheit enn normalt. Både Noreg og resten av verda opplever høg og aukande prisvekst. Det vert forventa at kommunal deflator vil auke langt meir i 2022 enn anslaget i revidert nasjonalbudsjett, mens prisveksten i 2023 kan bli meir normal. Ei utvikling mot normalisering av elektrisitetsprisar og materialprisar knytt til bygg og anlegg vil kunne trekke deflatorveksten i 2023 markert ned. Det er likevel knytta stor usikkerheit til disse anslaga.

Finansmarknadane er også prega av stor usikkerheit, og det er eit potensiale for fall i aksjemarknaden. Det er ikkje berre på verdas aksje-, råvare- og energimarknadar svingingane har vore store dei siste åra. Kommunane har generelt hatt stor skattevekst, men samtidig stor generell kostnadsvekst og ekstraordinære utgifter som følgje av koronapandemien.

Det er knytta stor usikkerheit til kommunane si inntekt framover. For 2022 ser det ut til at merskatteveksten som kommunane får behalde er tilnærma nok til å dekke den uførutsette kostnadsveksten for 2021 og 2022, om tall i revidert nasjonalbudsjett vert lagt til grunn. Frå 2023 kan dette bli endr. Dei midlertidige meirskatteinntektane i 2022 på 2,5 mrd. kroner vert ikkje vidareført, og kjem i tillegg til prisstigninga som svekkjer kommunane si kjøpekraft.

Rentenivået er også ein stor usikkerheitsfaktor. Frå September 2021 til September 2022 har styringsrenta økt med 2,25 prosentpoeng. Føringane i statsbudsjettet som ble lagt frem 6. Oktober gir eit anslag på ein auke av kommunen sine frie inntekter. For Hemsedal er aukinga 4.2%, som er noko høgare enn landsgjennomsnittet på 3.8%. Det er også føreslått i statsbudsjettet ein reduksjon i rammetilskotet, som ein ekstra skatt til kommunane som har opplevd auka inntekter av sal av konsesjons- og andelskraft. Det er forventa at denne ekstra «skatten» vil vere større enn aukinga i frie midlar, og at det samla sett vert ein reduksjon i frie midlar for Hemsedal Kommune i 2023.

Kommunestyret ynskjer å fokusere på nokon områder som bygg opp om målområda i samfunnsdelen. Det som er fokusområda er:

- Satsing på bustad og bustadutvikling, då det er ein av dei større nøklane til vekst i innbyggartal.
- Eit godt arbeidsmiljø, for å bidra til å behalde, rekruttere kvalifisert arbeidskraft og gje innbyggjarane gode tenester
- Klima og miljø, arbeid med å identifisere og redusere kommunen sine totale klimautslepp
- Berekraftig økonomi på kort og lang sikt

Det er eit ønskje å redusere talet på tiltak i dette handlingsprogrammet til fordel for færre tiltak til færre mål tilpassa kommunen sin overordna ressurs-situasjon.

1.1. Definisjonar

Handlingsprogrammet beskriv strategiar og tiltak knytt til fire perspektiv:

- Samfunnsperspektivet tar for seg sektor overgripande og planlagt utvikling i kommunen.
- Tenesteperspektivet skildrar strategiane for dei tenestene og oppgåvene som kommunen utfører overfor sine innbyggjarar og besøkande.
- Medarbeidarperspektivet viser kommunen sin politiske og administrative struktur og bygger på ein grunnleggjande tanke om at dei tilsette er kommuneorganisasjonen sin viktigaste ressurs.
- Økonomiperspektivet skisserer økonomiske rammer og mål som er gjeldande i økonomiplanperioden.

Mål eller målsetting er ein klart formulert tanke, ide eller intensjon om ein ønska framtidig tilstand eller sluttpunkt eit individ eller ein organisasjon planlegg å oppnå. Mål kan gi retning til vidare arbeid og styre utviklinga mot målet. Mål er det ønska sluttresultatet, medan plan, oppgåveløysing og strategi er framgangsmåten som vert brukt for å oppnå målet.

Resultatindikator bør vere ein målbar, eller talfesta skildring av måloppnåing som eit verktøy for å sjå kor langt me har kome, altså indikator som fortel om resultata undervegs.


Strategi skildrar både kvar ein vil på lang sikt og korleis ein kjem dit. Strategi er målrealisering, det ein tenker å gjere for å oppnå måla.

Tiltak er ein eller fleire handlingar som skal gjere Hemsedal kommune i stand til å nå fastsette mål.

Deflator er veid samla prisendring i kommunesektoren i prosent frå året før. I deflatoren inngår endringar i lønnskostnader, produktinnsats og bruttoinvesteringar. Deflatoren vert nytta av Finansdepartementet og TBU ved beregning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter.

1.2. Kommunen sine satsingsområder

Handlingsprogrammet er eit strategidokument som syner kjerneverksemd, verdigrunnlag, visjon, utfordringar og strategiske mål.



Mål og strategiar i Handlingsplanen er bygd opp kring dei 4 målområda i samfunnsdelen:

- 1. Bulyst (Bygd- og stadutvikling, kultur, natur, idrett, organisasjonsliv)**
- 2. Livsløp (Oppvekst, helse og omsorg)**
- 3. Miljø (Kulturarv, klima, ressurs- og miljøforvaltning)**
- 4. Næringsliv (Innovasjon, utbyggingsstrategi, landbruk, samferdsel)**

Målområda vert nærare konkretisert gjennom planarbeidet og endeleg stadfesta ved kommunestyret sitt vedtak av planstrategi.

Kommunestyret ynskjer å fokusere på nokre områder som bygg ytterlegare opp om målområda i samfunnsdelen:

1. Bustadplan - med mål og tiltak for ein avgrensa handlingsperiode med ein generell bustadpolitisk del og ein bustadsosial del:
 - Bustader for unge etablerande
 - Bustader for seniorar
 - Omsorgsbustad med behov for pleie
 - Bustader for einslege hushaldningar med ulike typar fellesrom (til dømes sesongarbeidar)

Det vert etablert ein funksjon i Hemsedal Kommune som skal arbeide både med planlegging og realiseringa av bustadplan, med den hensikt å løyse utfordringane både på kort og lang sikt.

2. Arbeidsmiljø - Det er dokumentert at førebyggjande arbeidsmiljøarbeid basert på kunnskap om kva som har effekt er ein god investering:
 - God organisering og planlegging av arbeidet – klarare roller. Å stå i ein arbeidssituasjon over tid der ansvarstilhøvet og rollane er uavklart, er belastande for den enkelte og for arbeidsmiljøet.
 - Balanse mellom krav i jobben og moglegheit for kontroll over eigen arbeidssituasjon. Dette bidreg til meir engasjement, jobbtilhøyring og effektive arbeidsprosessar.
 - Balanse mellom innsats og påskjønning. Å få anerkjenning, tilbakemeldingar, og positiv merksemd for den jobben ein gjer, betyr mykje for arbeidsmiljøet.
 - Føreseielege vilkår når rammevilkåra vert endra. Ved omstillingar er det viktig med størst mogleg grad av føreseielege vilkår for dei tilsette.

Dette er eit område som er viktig både i eit arbeidsgivar- og innbyggarperspektiv. Eit godt arbeidsmiljø, gir betre og meir stabile tenester til innbyggjarane.

3. Miljø og Klima – Hemsedal kommune har gått over til hovudkontormodellen og jobbar med resertifisering som Miljøfyrtårnverksemd. Dette forpliktar og forhåpentlegvis bidrag til å redusere klimautslepp på sikt:
 - Synleggjere kva aktivitetar som forårsakar størst utslepp av klimagassar
 - Synleggjere kvar Hemsedal kommune skal fokusere arbeidet for å få størst effekt av tiltak
 - Måle over tid gjennom kommunen sitt klimaregnskap, utvikling og samanlikning med andre kommunar, verksemdar lokalt og nasjonalt

Målet til Hemsedal Kommune er å bidra til det globale 1,5 graders målet gjennom reduksjon i klima –og miljøgassar.

1.3. Evaluering og resultatoppfølging

Systematisk evaluering og resultatoppfølging er ein viktig del av styringsprosessane i Hemsedal kommune, og skal sikre at vi går i retning av dei måla vi har sett oss.

Det er viktig å presisere at det i tillegg til nøkkeltal også er andre kjelder til kunnskap om vi faktisk går i retning av dei måla vi har sett oss. I arbeidet med å vurdere graden av måloppnåing bør det derfor leggjast vekt på ein heilskapleg analyse av fleire ulike relevante kunnskapskjelder. Som eit resultat av det nasjonale indikatorarbeidet, vil Hemsedal kommune arbeide med å definere nøkkeltal for å måle om vi går i retning av dei måla vi har sett i kommuneplanen.

Klassifiseringsmodellen vil bli brukt aktivt for å hjelpe oss til å forstå kva dei enkelte tala faktisk måler, og dermed også til å vurdere kva tal som er best egna til å vurdere måloppnåing. Det vil bli lagt vekt på å velje nøkkeltal med god datakvalitet, og at det bør vere stor grad av kontinuitet i val av nøkkeltal frå år til år. Nøkkeltala vil bli utvikla vidare i årene framover, og desse vil i all hovudsak basere seg på offentleg statistikk frå SSB.

Det vert årleg kunngjort fleire rangeringar av kommunane i Noreg, der ulike kriteria vert vekta. Kommunestyret har eit mål om å vere topp 20% på desse målingane:

Kommunal Rapport Kommunebarometeret er samanlikning av landet sine kommunar, basert på til saman 151 nøkkeltal innan 12 ulike sektorar:

Kommunebarometeret	Mål	2017	2018	2019	2020	2021
Hemsedal	< 72	117	127	227	202	267

Av 356 kommuner

NHO sitt kommune NM rangerer kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse, og kommunal økonomi:

Kommune NM	Mål	2013	2018	2021
Hemsedal	< 72	39	44	24


Av 356 kommuner

1.4. Kommuneøkonomien

Ein robust og berekraftig kommuneøkonomi er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet til kommunen sine innbyggjarar. Stabilitet og føreseielege vilkår i den økonomiske politikken gir grunnlag for god kvalitet i tenestene, nøgde brukarar, innbyggjarar og tilsette.

God økonomistyring og handlingsregler for driftsbudsjettet, investeringsbudsjettet, verdibevarande vedlikehald og finansforvaltninga skal bidra til å sikre ein framtidig berekraftig økonomi. Hemsedal kommune har eit godt økonomisk utgangspunkt. Forventa inntektsnivå ligg høgt samanlikna med andre kommunar, grunna forventa vekst i innbyggjartal og aktivitet innan bustad- og fritidsbustadsbygging.

Hemsedal kommune styrer etter KS si anbefaling for økonomisk bærekraft:



1. Netto driftsresultat/brutto driftsinntekter > 1,75%
2. Langsiktig gjeld/brutto driftsutgifter < 75%
3. Disposisjonsfond/brutto driftsinntekter < 8%

Hemsedal kommune har utfordringer knytt til eit høgt ambisjonsnivå for investeringar og høg lånegjeld. Samanlikningar med andre kommunar syner at Hemsedal også har eit høvesvis høgt kostnadsnivå. Det vil vere nødvendig med effektivisering og omstilling for å kunne oppretthalde den økonomiske bærekrafta i perioden framover.

Hemsedal kommune skal ha kontinuerleg fokus på effektiv bruk av ressursar ved at det vert fastsett krav til effektivisering og produktivitet i tenestene gjennom årlege målingar og samanlikningar basert på KOSTRA-tall.

2. SAMFUNNSPERSPEKTIVET

Samfunnsperspektivet bygg på ei forståing av kommunen som samfunnsaktør som kan bidra til å utvikle kommunen i den retning innbyggjarane ønskjer. Samfunnsperspektivet skisserer dei strategiane som ligg til grunn for utvikling av lokalsamfunnet og som alle etatar er involverte i .

Mål og strategiar i Handlingsplanen er bygd opp kring dei 4 målområda i samfunnsdelen:

1. Bulyst (Bygd- og stadutvikling, kultur, natur, idrett, organisasjonsliv)

2. Livsløp (Oppvekst, helse og omsorg)

3. Miljø (Kulturarv, klima, ressurs- og miljøforvaltning)

4. Næringsliv (Innovasjon, utbyggingsstrategi, landbruk, samferdsel)

Målområda vert nærare konkretisert gjennom planarbeidet og endeleg stadfesta ved kommunestyret sitt vedtak av planstrategi. Så vil de ulike virksomheitsplanane konkretisere tiltak som vil støtte opp om dei enkelte måla.

Vedteke planstrategi følgjer i figuren under, men tilpassa noko i høve realitetane i høve til gjennomføring. Tertialrapportering 2022 syner at fleira av planane ligg etter vedteke plan for gjennomføring. Framlegg til økonomiplan tek sikte på å justere planarbeidet i høve til når dei skal starte opp, reviderast og rullerast.

AJOURFØRT PLANOVERSIKT - PLANBEHOV 2020-2023								
PLANGRUPPE OG TEMA	VEDTEKEN/ UTARBEIDA	SAMORDNING			RULLERING(H) / OPPSTART(S) /REVIDERING(R)			
		KLIMA	BARN/UNGE	FOLKEHELSE	20	21	22	23
OVERORDNEDE PLANER								
Kommunal planstrategi	05.11.2020	X	X	X	R			R
Kommuneplan Samfunnsdel 2019-2030	07.05.2020	X	X	X				
Kommuneplan Arealdel 2018-2030	06.12.2018	X	X	X			R	R
Handlingsdel - Økonomiplan	15.12.2021	X	X	X	H	H	H	H
BEREDSKAPSPLANAR								
Overordna beredskapsplan	15.06.2022	X			R	R	R	R
KOMMUNEDELPLANER - TEMA								
Idrett og fysisk aktivitet 2018-2021	14.12.2017		X	X	H	utgår		
Hovedplan VA 2018-2030	25.09.2018	X						H
Energi- og Klimaplan 2019 – 2022	19.01.2019	X						H/R
Friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet	NY		X	X	S	S	S	H
Kulturminne- og kulturmiljø	NY			X	S	S	S	H
Naturmangfald	NY	X	X	X			S	S

KOMMUNEDELPLANER – AREAL								
Markegardslia-Lykkja 2015-2027	18.06.2015	x	x	x				
REGULERINGSPLANAR								
Detaljregulering for areal omkring Ulsåk skule	NY	x	x	x				R
Detaljregulering for Nye renovasjonspunkt	NY	x		x	S	S	S	H
Detaljregulering for Trøym sentrum – bustad	NY	x	x	x	S	H		R
Detaljregulering for Trøym bygdesentrum	NY					S	S	H
Områderegulering for Røggjelia	NY	x	x	x				
Detaljregulering for F17 – Golf/ Alpin IV	NY	x		x	S	S	S	S
FAG- OG TEMAPLANAR								
Stig- og løypeplan 2015-2018	09.10.2014			x	H	utgår		
Plan – overgang barnehage - skule 2015-2020	01.01.2015		x	x	R			
Strategisk næringsplan 2016 - 2022	18.06.2015							H
Beitebruksplan 2018-2022	21.06.2018				H	H	H	Utgår
Trafikktryggleiksplan 2020-2023	23.01.2020	x	x	x	H	H	H	H/R
Landbruksplan	NY							S
Kulturplan	NY		x	x				S
Hovudplan for kommunale veg	NY				S	H		R
Bustadplan	NY	x	x	x	S	S	S	H
Helse-, omsorg- og sosialplan	NY		x	x	S	H	H	H
Plan for busetting av flyktningar	NY							S

2.1. Bulyst (Bygd -og stadutvikling, kultur, idrett, organisasjonsliv)

2.1.1. Nosituasjon

Hemsedal er ein av få distriktskommunar som veks. Folketalet ved utgangen av 2. kvartal 2022 var 2609. Alpint- landskap og anlegg er framleis ein viktig magnet på unge vaksne. Innbyggjarane bur hovudsakleg i tettstadane Trøym, Tuv og Ulsåk. Bygda er ein attraktiv bukommune med appell spesielt mot alderssegmentet 25- 45 år. Det er stort engasjement omkring Hemsedal si framtid, både gjennom stadsutviklingsprosessar Smart Fjellbygd, og kommunedelplan for Idrett, friluftsliv og anlegg. Det finns eit rikt fritidstilbod med urbane innslag av kafear og restauranttilbod. Det er få ledige bustadtomter, noko som verkar prisdrivande, men òg negativt m.t.p. å sikre folketalsvekst. Fleire private planforslag ligg på bordet med eit potensial på 300 nye einingar. Hemsedal er òg ei bygd med levande tradisjonar, variert kulturliv og mange frivillige lag og organisasjonar. Det er stor aktivitet i kommunen og nye område er under utvikling for turisme, fritidsbustadar, samt næringsområde for handel, turisme og industri.

2.1.2. Mål og strategiar for bulyst

Mål 1. 3000 innbyggjarar innan 2030

Strategi:

- Vi skal ha varierte butilbod i alle prisklassar til alle målgrupper
- Vi skal regulere og stimulere til bustadbygging
- Vi skal ha barnehageplass til alle barn over 1 år
- Vi skal betre kollektivtilbod til alle brukargrupper
- Vi skal følgje opp buplikt som reiskap for fast busetting og tilgang på bustadar

Mål 2. Varierte moglegheiter for arbeid

Strategi:

- Vi skal ha kunnskap om målgruppa – kven er dei og kvifor flyttar dei hit og kvifor flyttar dei ut?
- Vi skal tilby «etablerarpakke» med rådgjeving, oppstartshjelp og ha oversikt over ledige lokale
- Vi skal sjå «Sesongarbeidarar som ressurs» med fokus på kompetanse og heilårsarbeidsplassar
- Vi skal delta i regionalt samarbeid og følgje opp tiltak i regional plan for Hallingdal

Mål 3. Variert kultur- og friluftsliv

Strategi:

- Vi skal ha god innbyggjarinvolvering for utvikling av lokalsamfunnet (Kommune 3.0)
- Vi skal stimulere utvikling og samhandling mellom skule og frivillige organisasjonar
- Vi skal ha innbydande, attraktive sosiale møteplassar gjennom medveten estetikk og byggeskikk
- Vitale og attraktive tettstadssentrum

Mål 4. Attraktiv kommune for fritidsbustader

Strategi:

- Vi skal sjå konsekvensar og mogelegheiter for «Hytte som mellombels bustad»
- Vi skal sjå på hytteeigarane som ein ressurs og dørøynar for næringsutvikling
- Vi skal legge til rette for fiber i hyttefelt

	Tiltak knytt til målområda «Bulyst»	2023	2024	Resultatindikator
1	Legge til rette for bustadutvikling for fleire sosiale lag, ved å realisere kommunal eigedom, og samarbeid med private.	x	x	70 nye bueiningar Regulert løysing
2	Auka attraksjonsfaktor for sentrums- og bustadutvikling gjennom prosjekt «Smart fjellbygd»	x	x	«Smart fjellbygd» - Regulering Trøym
3	Sesongarbeidarbustad som rekkefølgekrav i plan. Planer skal syne konsekvens og tiltak.	x	x	Krav ved oppstartsmøte.
4	Alle sentrumsnære bustader og bustadtomter skal nyttast i tråd med føremål for å sikre tilgang på bustader.	x	x	Kartlegging og stikkprøver
5	«Aktive lokalsamfunn – kommune 3.0» der ansvar frå «kommunalt» til «lokalt» vert formalisert – partnerskapsavtalar	x	x	Initiere 1-2 tiltak Handlingsplan FIFA

6	Etablering av møteplassar - «Hyttetreff».	x	x	Samarbeid HemFRi
9	Ferdigstille bustadplan – konkretisere handlingsplan med prioriteringar	x	x	Planprogram 2022 Ferdig plan 2023
10	Rullering av arealdelen – kommuneplan	x	x	Planprogram 2023 Ferdig plan 2024
11.	Ferdigstille mulighetsstudie for framtidig gymsal/ hallbehov	x		Sluttrapport 1/3

2.2. Livsløp

2.2.1. Nosituasjon

Hemsedal kommune er godt i gang med innføring av Oppvekstreforma 2022. Forståing for samarbeid er tydeleggjort. Ønske og mål som er nedfelt i reforma er klart definert og vi jobbar ut rutinar og retningslinjer. Vi ser at reforma er ei god reform med koordinerte tenester tett på brukaren. Kommunen sine fyrstelinjetenester skal levere tenestene. Barnevern, PPT og andre instansar skal vera rettleiarar. Reforma krev meir tid til samordning mellom kommunen sine tenester. Det vil også krevje tid til samordning for dei som er aller nærast barnet og ungdommen. Helse og oppvekst får ei utfordring i å omdisponere ressursar. Vi har framleis ein veg å gå frå teori til god praksis. Året 2023 vil bli nytta til å vidareutvikle samarbeidet mellom etatane, dele kompetansen for å sikre ein stabil oppvekst til barn med særskilte behov. Kommunen ser eit stadig større behov for delt fagkompetanse.

Det utviklast ein felles overordna plan innanfor oppvekstreforma i Hallingdal og basert på denne skal kommunen utvikle sin eigen handlingsplan i 2023.

Hemsedal er ein kommune i vekst og auka innbyggjartal gjer også at tenestene må oppskaleras i tråd med folketalsvekst og vekst i tal turistar. Turistar har krav på same tenester frå heimetenesta som dei har vedtak på i egen kommune, utan at det tilfører gjestekommunen midlar.

Talet eldre aukar og det er mangel på heildøgns omsorgsplassar, avlastning- og dagsenterplassar. Dei fleste ønskjer å bu heime lengst mogleg og det er også økonomisk gunstig for kommunen. Det er difor viktig at dagtilbodet til heimebuande utvidast, så pårørande kan få meir avlastning.

Det er ei veksande gruppe med barn og unge som har behov for tverrfagleg samarbeid og koordinerande tenester. Samarbeidspartnarar viser til ein stor auke innan psykiske lidningar og psykiatri og rus. Det er registrert meir bruk av rus heilt ned til 13-års alderen. Politi har vore tydeleg i vårt stormøte med klar oppmoding til å ta vare på ungdomane våre. Politiet meiner at det har vore mykje fokus på reiseliv, men no er det på høg tid å rette søkelyset på bygda sine eigne unge. Unge sjølve stadfester at det er meir rus, dei saknar ein plass å vera og etterlyser høve til uorganisert aktivitet.

For å kunne levere tenester av god kvalitet på riktig tid i behovsprosessen vil det være behov for meir fokus på utvikling av eigne tenester i åra framover. Helse- og omsorg har ein tilsett som har utvikling som hovudfokus og som i 2023 vil arbeide tett saman med avdelingsleiarane på sjukeheim og heimetenesta, for å sjå på framtidens behov og ressursbruk.

Det vert sett i gang eit Turnus-heiltidskultur-prosjekt. Prosjektet handlar om å skape gode brukaropplevingar gjennom riktig kompetanse til riktig tid – og med heiltidskultur i botn. Det er også sete i gang eit 10-månaders prosjekt med USHT (Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester) som prosessveileiar. Prosjektet omhandlar implementering av VFT (velferdsteknologi) i Hemsedal kommune.

Det blir stadig vanskelegare å få tak i kvalifisert arbeidskraft innanfor alle sektorar og det er viktig å ha ein god behalde- og rekrutteringsstrategi. Eit rekruttering- og inkluderingsprosjekt i samarbeid med NAV vil gjennomførast i perioden oktober 2022-juni 2023. Målet er å få inn dei som står litt utanfor arbeidslivet til å bli ein ressurs i samfunnet.

Vi er halvvegs i mål med bygging av ny skole. 5.-10. klasse har rom i nytt bygg. Skulen ventar på spesialrom, kantine, møterom, uteplass m.m. Det er trangt om plassen for dei elevane som går på skulen. August 2023 står skulen ferdig. Bråtenjordet har flytta inn i nye lokale og både brukarar og tilsette er veldig fornøgd.

Regjeringa har bedt kommunane om å vera rusta for ein større flyktningstraum frå Ukraina også inn i 2023. Korkje helse og omsorg eller oppvekst er per dags dato rusta for å ta imot ein større mengde flyktningar. Dette må løysast undervegs med styrking av bemanning innan dei ulike fagfelta.

2.2.2. Mål og strategiar for Livsløp

Mål 1. Inkluderande, levande og mangfaldig lokalsamfunn utan sosiale skilnader

Strategi:

- Alle innbyggjarar skal ha lik moglegheit til å bidra og delta i lokalsamfunnet
- Vi skal legge til rette for eit rikt kultur-, idretts- og organisasjonsliv
- Vi skal auka kunnskap og forståing mellom minoritets-/majoritetsbefolkning
- Vi skal tilby tenester som gir sosial tryggleik
- Vi skal etablere fleire møteplassar for ungdom i alderssegmentet 16-20 år

Mål 2. Barn og unge opplever meistring, tryggleik, trivsel og framtidstru

Strategi:

- Vi skal motivere barn og unge til å utvikle kreativitet og eigne evner for framtida
- Vi skal ha resultat på nasjonale prøver på landssnittet
- Vi skal ha god rådgeving som sikrar at unge gjennomfører vidaregåande opplæring
- Vi skal nytte Ungdomsrådet som aktivt høyringsorgan
- Vi skal ha eit aktivt og variert kultur-, idretts-, og fritidstilbod i samarbeid med frivillig sektor
- Vi skal knytte saman frivillige lag og organisasjonar, næring og kommune i ein dugnad for å hindre utanforskap mellom barn og unge
- Vi skal vidareutvikle tilbod innan kulturskulen, SFO, fritidsklubb og bibliotek
- Vi skal bruke Trygg Oppvekst og FIT for å kvalitetssikre våre tenester til barn og unge og deira familiar

Mål 3. Gode rutinar og sunn livsstil med tidleg innsats gjennom heile livsløpet

Strategi:

- Vi skal styrke foreldrefunksjonen gjennom å utvikle støttande arenaer og nettverk i Familiens hus i samarbeid med oppvekst, Helsehuset, barnevern og PPT
- Vi skal ha fokus på fysisk aktivitet og helsefremmande tiltak overfor alle innbyggjarar i samarbeid med frivillig sektor
- Vi skal legge til rette for at innbyggjarane kan ta vare på eiga helse

Mål 4. Framtidsretta helse- og omsorgstenester og at eldre bur heime lengre

Strategi:

- Vi skal ha helsetenester med brukarmedverknad, interkommunalt samarbeid og kvalitet
- Velferdsteknologi skal vera satsingsområde
- Vi skal ha brukartilpassa bumiljø for eldre
- Vi skal utvikle god og systematisk samhandling med frivillige gjennom Hemsedal frivilligsentral

	Tiltak knytt til målområdet «Livsløp»	2023	2024	Resultatindikator
1.	Utarbeide ein overordna helse- og omsorgsplan	x		Vedteke pr 31/12
2	Turnus-heiltidskulturprosjekt	x		Implementering i 2023-2024
2.	Velferdsteknologiprosjekt innan helse	x	x	Gevinstrealiseringsplan og handlingsplan sept 2023
3.	Rekruttering og inkluderingsprosjekt i samarbeid med NAV	x		Måloppnåelse ut fra plan juli 2023
4.	Ungdata - oppfølging og gjennomføring. Deltaking ungdoms- klubb, tirsdagstreff. Tema/ program psykisk helse barn/unge, skuletinget, elev- og ungdomsråd.	x		Handlingsplan 31/12.
5.	Handlingsplan Oppvekstreforma Samordne tenestene i møte med oppvekstreforma. Eit samarbeidsprogram mellom helse, barnevern, PPT og oppvekst	x		Gode resultat på analyseverktøyet FIT
6.	Utvikle felles kultur- og verdigrunnlag for Hemsedalsskulen.	x		Politisk sak 2023

2.3. Miljø (Kulturarv, ressurs- og miljøforvaltning)

2.3.1. Nosituasjon

Hemsedal er kjent for sine alpine fjell, eit levande kulturlandskap, flotte vassområde med ei av Noreg sine beste elvar for aure. Landskapsbiletet styrker bygda sitt omdømme. Hemsedal står fram som ei flott landbruksbygd der kulturlandskapet speglar ryddigheit i drifta. Det er lite

seterdrift, og det er difor viktig å stimulere til beitebruk for å oppretthalde kulturlandskap. Hemsedal som turist- og landbruksbygd inneber utfordringar og moglegheiter. Område Skogshorn til Høgeloft er skjerma for utbygging. Framtidig forvaltning skal vere tufta på kunnskap, og pågåande arbeid med kommunedelplanane for naturmangfald, men også idrett, friluftsliv og anlegg skal vere med å tydeleggjere kommunen si «retning» framover. Frå 2009 til 2020 har dei samla utsleppa auka med 1547,7 tonn CO₂-ekvivalentar i Hemsedal kommune. Dette utgjer 7,5 %. Som miljøfyrtårnkommune skal kommunen forsterke leiarskapet ved å implementere tydelege delmål, strategiar og tiltak i heile organisasjonen, med mål om å redusere samla CO₂ i kommunen som verksemd. Reduksjon vert grunngjeve med auka fokus på klima og miljø, fleire el-bilar og meir klimavennleg utbygging, som og gjev meir energieffektive hus.

2.3.2. Mål og strategiar miljø

Mål 1. Noregs «grønaste» fjellbygd innan 2030 i høve CO₂ utslepp

Strategi:

- Vi skal ha 10% auke av miljøsertifiserte verksemder pr. år fram mot 2030.
- Hemsedal skal bli sertifisert som berekraftig reisemål.
- Vi skal sette krav om fornybare energikjelder ved næring, transport og utvikling
- Vi skal ha 40% samla reduksjon i klimagassutsleppa i høve 2009- tall, korrigert for innbyggjartal

Mål 2. Ta vare på kulturminne, naturmiljø og kulturlandskapet gjennom bruk.

Strategi:

- Vi skal gjere friluftsområde og kulturminne meir tilgjengeleg gjennom bevisst folkehelsearbeid.
- Vi skal auke kunnskapen om miljø hjå barn og unge, og bruke frivillige som ressurs.
- Vi vil kartlegge verdifulle naturområde og ta vare på desse.

Mål 3. Langsiktige og heilskaplege arealbruks- og utbyggingsplanar

Strategi:

- Vi skal skjerme samanhengande natur- og landbruksområde på nordsida av dalen frå foten av Skogshorn til og med Høgeloft.
- Vi skal fortette og samle utbygging basert på kunnskap og heilskapleg arealplanlegging.
- Vi skal oppretthalde verdien av viktige jordbruks-, støls og beiteområde med vekt på dyrka mark, biologisk mangfald og landskap.

Mål 4. Berekraftig klima- og energipolitikk.

Strategi:

- Vi skal omsette nasjonale mål til praktisk handling lokalt, knytt til klimagass- og energiforbruk.
- Vi skal stimulere til mindre energibruk pr. person og meir bruk av fornybar energi, utan at dette vert ein kostnad for miljøet omkring.
- Vi skal vera ein føregangskommune innan kommunal forvaltning.

	Tiltak knytt til målområdet «Miljø»	2023	2024	Resultatindikator
1.	Kartlegge viktige kultur-/natur miljø og bukvalitetar som er viktig å ta omsyn til for framtidige areal- og utbyggingsplanar mellom anna ved bruk av innbyggjarundersøking og fysiske registreringar	x	x	Fagrapport innan 31/12
2.	Bruke «Klimarådet» aktivt som verktøy for å følgje opp energi- og klimaplan, og forvaltningsplan for vassforvaltning.	x	x	God medverknad med næring, og lag organisasjon
3.	Energieffektivisering av kommunale bygg knytt til skule- og helseutbygging samt avklare roller i høve El-bil ladepunkt	x	x	Gjennomføre investeringstiltak
4.	Bidra til sertifisering av Hemsedal som «Berekraftig reisemål»	x		Implementere kommunen sin «samfunnsdel» i arbeidet
5.	Ferdigstille kommunedelplan for «Friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet»	x		God medverknad og vedtak 31/12
6.	«Klimapilot» som reiskap i framtidig arealplanlegging	x		Ferdig klimapilot «Golf Alpin»
7.	Gjennom internkontrollsystem, innkjøpsstrategiar og arbeid med miljøfyrtårn gjere kvar leiar ansvarleg for miljømåla til kommunen. (Måletal 2021 for Hemsedal kommune sine off. verksemdar)	x	x	Redusert klimautslepp - <200 tonn
8.	Etablere ENØK fond for busette i kommunen, lag og org. som ledd i å møte det «grøne skifte».	X	X	Utdeling årleg kr. 1 mill

Samla klimaregnskap for kommunen som verksemd basert på 2021 tall syner 217,7 tonn CO₂ – ekv. (CEMA_{sys}). Basert på innføring av hovudkontormodellen i Miljøfyrtårnarbeidet skal klimautslepp CO₂ reduserast til under 200 tonn. Dei største tiltaka med resultatverknad vert vedlikehald og investeringar i bygg og anlegg, samt haldningsarbeid gjennom aktivt leiarskap innan følgjande målområde.

Målområder - reduksjon:

Transport – Reduksjon 10 tonn CO₂ –ekv

Elektrisitet – Reduksjon 5 tonn CO₂ – ekv.

Avfall – Reduksjon 2 tonn CO₂ - ekv

2.4. Næringsliv (Innovasjon, utbygging, landbruk og samferdsel)

2.4.1. Nosituasjon

Hemsedal er ein av dei største reiselivskommunane i Noreg. Hemsedal skisenter er den største private verksemda i omsetnad og sysselsetting. Dei største næringane er bygg og anlegg, varehandel og overnatting som i all hovudsak er turistrelatert. Det tradisjonelle landbruket sysselset stadig færre arbeidstakarar, og avskaling fører mellom anna med seg dårlegare

gjerdehald og fleire arealbrukskonfliktar. Skrantesjuka (CWD) har ramma villreinen med saltsteinforbod som påverkar beiteåtfærd hjå sau negativt. Sysselsette innan landbruk driv ofte med attåttnæringar grensa opp mot reiselivet. Store sesongvariasjonar innan reiselivet gjer at ein har underdekning på heilårsarbeidsplassar. Hemsedal har om lag 210 pendlarar som reiser ut av kommunen,- av desse ca. 155 til Gol. Utviklingspotensiale i Hemsedal er bra med høg byggeaktivitet, attraktive bukvalitetar, vekst i turistnæringa og god infrastruktur. Tal på nyetableringar er høg i høve til tal på innbyggjarar. Det er knappheit på ferdig regulerte næringstomter og næringslokale.

2.4.2. Mål og strategiar næringsliv

Mål 1. Heilårleg berekraftig reiselivsutvikling

Strategi.

- Vi skal legge til rette for sykkel- og aktivitetstilbod som støtter opp under kjerneverksemd og destinasjon
- Vi skal stimulere til trinnvis utvikling av Røggjelia for å sikre høg grad av lokal verdiskaping
- Vi skal støtte opp under Hemsedal Turisttrafikklag som eit samlande verktyg for reiselivsutvikling
- Vi skal bidra til kompetanseutvikling og fellesgodefinansiering av infrastruktur
- Vi skal stimulere til ei vidareutvikling av vinterbasert reiseliv og styrke det sommarbaserte

Mål 2. 200 nye arbeidsplassar basert på eit variert og berekraftig næringsliv

Strategi:

- Vi skal stimulere til knoppskyting frå etablert næringsliv som grunnlag for heilårsarbeidsplassar
- Vi skal stimulere «grøn næringsutvikling» og etablering av kunnskapsbaserte verksemdar
- Vi skal kartlegge og stimulere til etablering av næringsareal/- lokale, og lokale for produksjon
- Vi skal samle ressursane kring fyrtårn
- Vi skal stimulere til fibertilbod for alle
- Vi skal nytte RV52 sitt potensial som marknadskanal
- Vi skal etablere base for tre nasjonalt leiande varemerke med verksemd i Hemsedal

Mål 3. Kreativt og innovativt entreprenørskap

Strategi:

- Vi skal stimulere «veksthus for næring» som synergi for reiseliv, kultur, mat og idrett
- Vi skal etablere «Møteplassar» for ungdom og næring med ressurspersonar
- Vi skal stimulere ungt entreprenørskap i skulen, samt tilrettelegging for lærlingplassar
- Vi skal stimulere interkommunal etableringsrettlegging og næringsforum
- Vi skal stimulere til høgskuletilbod basert på næringa sine behov

Mål 4. Miljøvennleg infrastruktur og kollektivtilbod

Strategi:

- Vi skal legge til rette for sykkel og mjuke trafikkantar ved utbygging
- Vi skal jobbe for kvalitet i staden for kvantitet

- Vi skal jobbe for samanhengande kommunikasjon buss/tog mellom storbyregion Oslo/Bergen og Hemsedal
- Vi skal jobbe for å få RV52 utanfor tettstadane
- Vi skal stimulere for brukartilpassa og miljøvennleg kollektivtilbod
- Vi skal legge til rette for ladestasjonar for elbil og tankstasjon for hydrogen

Mål 5. Eit landbruk bygd på framtidstru og miljø

Strategi:

- Vi skal oppretthalde og styrke den landbruksmessige produksjon
- Vi skal stimulere til god samhandling mellom landbruk og turisme
- Vi skal stimulere til eit miljøvennleg landbruk med lokal foredling og produksjon
- Vi skal stimulere til aktiv stølsbruk og kulturlandskapspleie
- Vi skal stimulere til fornybar energi basert på landbruket sitt råstoff og avfall som biogassanlegg
- Vi skal stimulere til auka bruk av «Skogen» som ressurs - frå plast til trevirke
- Vi skal ha nullvisjon for tap av matjord

	Tiltak knytt til målområdet «Næringsliv»	2023	2024	Resultatindikator
1.	Bidra til auke i næringsareal, og om nødvendig regulere	x	x	Tall næringsareal gjort tilgjengeleg for marknaden
2.	Saman med regionale aktørar, utvikle og teste ut verktøy til fremje for innovasjon og entreprenørskap. (Strategisk plan for Hallingdal)	x	x	Formalisere regionalt næringsarbeid
3.	Rullering av Strategisk næringsplan	x	x	Planprogr. 2022. Vedtak plan 2023
4.	Vidareføre utbyggingsavtala med Hemsedal Infrastrukturselskap (HIAS) - som modell for berekraftig destinasjonsutvikling	x	x	Evaluering, og reforhandling ifht investeringsnivå/-og gjennomføring
5	Omsette strategi for el-bil/ kollektivtrafikk til gjennomføring. Ladepunkt – kollektivtrafikk – avklare finansering	x		Sette fokus, vere ein medspelar med næringa
6	Plukke opp innspel og idear frå «Smart Fjellbygd» og vere ein katalysator for inovasjon, investorkontakt og gjennomføring.	x	x	Prosessresultat – gr.eiersamarbeid

3. TENESTEPERSPEKTIVET

Tenesteperspektivet beskriv dei daglege oppgåvene og tenestene som kommunen utfører for kommunen sine innbyggjarar og besøkande. Hemsedal kommune ønskjer at innbyggjarane skal få tenester med god kvalitet når dei treng det. I tillegg arbeider vi for ei forvaltning som er effektiv, brukarorientert og serviceinnstilt.

3.1. Oppvekst

Status og utfordringar:

Talet på elevar med vedtak om spesialundervisning er framleis altfor høgt sjølv om timane per elev er kraftig redusert. Så lenge vi kan vidareføre ressursane, skal vi i løpet av skuleåret 2022-2023 redusere talet på vedtak. Skulane har kompetanse, ressursar og syter for nødvendige tiltak innafor tilpassa opplæring. Vi skal endre arbeidsoppdraget til PPT. Regjeringa vil at PP-tenesta skal vera meir til stades i barnehagar og skular og arbeide førebyggjande. Dei skal vera tettare på å vurdere effekten av tiltak. Naturlegvis skal PPT også drive sakkunnig arbeid og utgreie behov. Dette er PPT sitt mandat og er ei endring nedfelt i Oppvekstreforma. Oppvekstreforma skal gjennomsyre organisasjonen. Den krev at oppvekst (barnehage, skule, SFO), helse, barnevern, PPT og BUP må gjennomgå og organisere på nytt sine tenester til beste for barnet/ungdommen/heimen. Vi skal arbeide oss gjennom ny rammeplan for SFO, rammeplan for barnehage og ny fagplan for skulen og finne dei gode samanhengar. Det skal vera forutsigbart og trygt å veksa opp i Hemsedal. Vi ser dette også som ein del av heilskapstanken i reforma.

Innføring av læringsbrett (I-pad) på 1.-7. trinn er gjennomført. Høgskulen på Vestlandet (HVL) er i gang med utviklingsarbeidet på skulane *Profesjonsfagleg digital kompetanse med programmering*. IT er også satsing i barnehagen med HVL som rettleiar. Vi held tak i læringsmiljøsatsinga på alle tre skulane. Vi jobbar kontinuerleg med at tre skular skal bli til ein. Dette er ein krevjande prosess med byggtekniske spørsmål og organisasjonsutviklings.

Rom- og arealmangelen i barnehagen er endå meir krevjande. Vi har bygg som ikkje er bygd for drift av barnehage. Det kjem jamt store barnekull som utfordrar kapasiteten innan barnehage. Vi løyser tilbodet dette barnehageåret ved å leige lokale både Hugnadheim og Grendastugu på Tuv. Vi manglar likevel spesialrom for barn med særskilte utfordringar. Rammene er med på å gjere sårbare barn endå meir sårbare og dette påverkar utviklinga. Barnehagen har ein stor auke i tal på timar med særskilt tilrettelegging.

Ukraina-krisa førte til at vi måtte ha beredskapsareal til barnehagebarn og skulebarn. Dette har gått bra i første fase. Vi står overfor ei mogleg ny bølge av flyktningar. Alle kommunane i Noreg har fått ei ny oppmoding om å opprette beredskapsbarnehagar og skuleklassar som skal kunne ta imot rask busetjing.

Både skule og barnehage skal jobbe med og halde på og rekruttere tilsette med den kompetansen vi treng til ein kvar tid. Det er mange familiar i skule og barnehage med fleispråkleg bakgrunn og familiar med låg inntekt. Dette er ei sårbar gruppe som må følgjast opp i høve tidleg innsats.

Hovudmål

- Mobbefritt oppvekstmiljø
- Barnehageplass og SFO til alle som treng det
- Nok areal til å gi gode tenester

- Barnehage og skule/SFO som er ein trygg og god plass for utvikling gjennom leik og læring
- Godt tverrfagleg samarbeid på tvers av etatane til beste for barn og ungdom

Strategiar

Hemsedal kommune vil i fireårsperioden prioritere følgande strategiar innan desse tenestemråda:

Barnehagane skal

- Bidra til at kvart enkelt barn skal kunne utvikle seg i høve til sitt potensiale
- Sikre alle barn eit godt psykososialt læringsmiljø
- Sikre at barna blir kjende med lokalhistorie- og tradisjonar, levemåtar og familieformar.

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1	Vidareutvikle og evaluere utviklingsarbeidet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», og bruke «Betre tverrfagleg innsats» (BTI) som ein del av oppvekstreforma.	x	x	Foredle/- dele kunnskap på personalmøter.
2	Aktivitetsplikt ved ny lov om mobbing – tilsette som rettleiar og støttar barn.	x	x	Barnesamtaler Observasjonar Samtaler med føresette
3	Fremje dialektbruk, språk og lesing Synleggjere ulike kulturar Lære om identitet og ulike familieformer	x		Flagg frå ulike kulturar. Bøker på begge skriftspråk ligg framme.
4	Bygge kompetanse innanfor barneautisme	x		Vi har rigga eit system med kompetanse og rettleiing for tilsette.

Skulane skal

- Medverke til at alle unge gjennomfører eit 13-årig utdanningsløp
- Bidra til at kvar enkelt elev skal utvikle seg i høve sitt potensiale
- Arbeide vidare med Inkluderande barnehage og skulemiljø og nytte kompetansen skuleringa «Innsatsteam mot mobbing» har gjeve oss. Ta i bruk BTI som verktøy.

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Vidareføre arbeid med pedagogisk og administrativ samanslåing av skulane.	x		Fastsett ny organisasjonsstruktur med rutinar til opning av ny skule.
2.	Læringsmiljø - felles satsing på alle tre skulane	x	x	Rutinebeskriving for læringsmiljø.

				Resultatforbetring elevundersøking.
3.	Vidareføre samarbeidet mellom vidaregåande, ungdomsskule, PPT og skulefagleg ansvarlege og sikre god samanheng.	x		Felles kurs skule, VG og PPT. Regionen initierer møte med områdedirektøren i Viken FK.
4.	Fremje dialektbruk, språk og lesing.	x	x	Evaluerer «Språk- og leseplan». Dialekt synleg i emneplanar.
5	Styrke elevane sin digitale kunnskap jf. Læreplan	x	x	Elevane er sjølvstendige og vel naturleg digitale ressursar
6	Vi startar arbeidet med å bli dysleksivenleg skule frå 01.01.24	x	x	Færre oppmeldingar på lese og skrivevanskar
6	Bruke «Betre tverrfagleg innsats» (BTI) som eit verktøy i Oppvekstreforma.	x	x	Modellert og brukt case i utviklingstida
7	Grunnskulen skal bli ein dysleksivenleg skule	x	x	Sertifisert 31/12 -24

3.2. Kultur

Handlingsprogrammet for kultur 2023-2026 er eit viktig reiskap for å vidareutvikle kulturområdet i Hemsedal. Kommunen har mange kulturarbeidarar, institusjonar og organisasjonar som til saman bidrar til et bredt kulturtilbod. Tilboda engasjerer, utfordrar og trekk til seg publikum frå heile Hallingdal.

I arbeidet med å fremme kulturen sine vilkår i Hemsedal vil kommunen verdsette og bidra til å gi gode vilkår for det allmenne og frivillige kulturlivet.

Kultur har ein sentral samfunnsrolle og representerer det limet som binder oss saman. Gjennom kommunale tilbod supplert med aktivitet i regi av organiserte frivillige og gode amatørar innan alle sjanger, vert utanforskap motvirka og kjensla av å høyre til vert styrka. Å anerkjenne, og sjå betydinga av det frivillige kultur- og samfunnsarbeidet, er viktig. Kommunen skal vere med og hjelpe initiativa fram til måla, enten det er med rådgiving, økonomisk støtte, lokalar eller tilgang til hensiktsmessige arenaer.

Hovudmål

- Eit vel fungerande skule- og folkebibliotek med møteplass og arena for kultur- og kunnskapsformidling der ein også legg til rette for studiar.
- Ein aktiv fritidsklubb i eit mobbefritt miljø der ungdomane får utvikle gode vennskap.
- Eit variert kulturskuletilbod for alle som ynskjer det, med kvalifisert personale.
- Eit mangfaldig kulturliv som speglar samtida og vår historiske identitet.

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Kulturplan	x		Vedteke i kommunestyre
3.	Kulturminneplan og kulturmiljø - temaplan	x	x	Vedteke i kommunestyre
4.	Nye tilbod til barn –og unge – events	x	x	4 pr år

3.3. Helse – og omsorgsetaten

Hovudmål

Etaten står framfør mange store utfordringar som mellom anna Oppvekstreforma 2022, «eldrebølgjen», postpandemi og befolkningsvekst. Ein stor turistdestinasjon sett krav til å levere tenester til langt fleire enn befolkningsgrunnlaget vårt skulle tilseie. Dette krev at kommunen har ei solid leiing innanfor denne etaten. Det krev ei leiing med fokus på planmessig arbeid og strategisk planlegging med eit langsiktig perspektiv. Det krev ei kompetent leiargruppe som har dei ressursane dei treng for å kunne ha fokus på utvikling og leiing. Fokusområde for 2023 vert kartlegging av ressursar og behov innanfor leiing og utvikling. Ut frå ei slik kartlegging må kommunedirektør femme forslag til konkrete tiltak som kan sikre ei leiargruppe som har ressursar og kompetanse til å drive planmessig, strategisk , langsiktig og heilskapleg leiing.

- Sikre at dei som bur og oppheld seg i kommunen får tilstrekkeleg hjelp og støtte ved sjukdom, skade og funksjonsnedsetting
- Arbeide for at behovet for helseteneste vert redusert ved førebyggjande innsats

Strategiar

Etaten skal prioritere følgene utviklingsarbeid i perioden:

- Leiarutviklingsprosjekt med ekstern veileiar
- Turnus-heiltidskulturprosjekt; utviklingsmoglegheiter som gjer forsøk med organisering av oppgåvene i kommunanes omsorgstenester. Det handlar om å skape gode brukaropplevingar gjennom riktig kompetanse til riktig tid – og med heiltidskultur i botn.
- Velferdsteknologiprojektet (VFT); prosjekt med USHT som prosessveileiar vedr implementering av VFT
- Tenestetildeling; oppslagsverk for søking og tildeling av tenester
- Organisering av sakshandsamingsteam, opplæring av sakshandsamarar
- Behalde- og rekrutteringsstrategi basert på kompetanseheving

Hemsedal kommune vil i den neste fireårsperioden prioritere følgande strategiar innanfor desse tenestekområda:

Status og utfordringar - lokale:

Det er store utfordringar når det gjeld lokale til både brukarar og tilsette. Det blir stadig fleire eldre som har behov for sjukeheimplass eller omsorgsbustader samt meir tenester i egen heim. Stadig fleire heimebuande har behov for dagaktivitetsplass og avlastningsplass, slik at pårørande kan klara å ha de heimebuande lengre.

Fysioterapeuttenesta er lokalisert i Banken og vil ha behov for desse lokala inntil nye tilpassa lokalar er klare i kjellaren på Bygdaheimen. Det i tida framover behov for luftvegsklinikk i forbindelse med legekantoret. Familiens hus er lokalisert i Helsesenteret og i brakkar på utsida av Helsehuset. Avklare behov for kontor til 5. legeheimel, i tillegg til administrativt kontor til avdelingsleiar legeteneste.

Bråtenjordet har flytta inn i nye lokalar og de gamle lokala skal nyttas til omsorgsbustader inntil nye omsorgsbustader er på plass.

Tenesteyting:

Vi opplever auke i fleire personar med samansette lidningar, fleire demente og fleire med psykiske lidningar som fører til høgare krav til kompetanse og tal på personar i tenesta. Det er behov for meir førebyggjande tverrfagleg innsats. Fleire lovpålagte oppgåver tilfalla kommunen. Oppvekstreforma trådde i kraft 01.01.2022, kommunar fekk eit auka finansieringsansvar for barneverntiltak. Det blir auka kommunale eigenandeler for bruk av spesialiserte hjelpetiltak, spesialiserte fosterheim, institusjon og akutt tiltak. Opprettinga av Familiens Hus og Helsehuset har hatt positivt effekt. Brukarar og samarbeidspartear gjer tenestene positive tilbakemeldingar og tenestene leverer tenester til fleire brukare enn tidlegare.

Personell:

Det er til tider vanskeleg å rekruttere enkelte faggrupper i Hallingdal. Hemsedal er ein populær stad å bu, så vi rekrutterer ein del fagpersonar utanfrå Hallingdal.

Det er starta ein flexisykepleieutdanning i Hallingdal, frå Hemsedal deltek 7 studentar.

Det blir gjennomført kurs for saksbehandlarar og for økt rettleiarkompetanse.

3.3.1. Helse for barn og unge

- Den kommunale helsetenesta til barn og ungdom skal vidareutviklast, i tråd med nasjonale føringar, og i samarbeid med andre kommunar og spesialisthelsetenesta.

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Innføre tilbakemeldingssystem (FIT) i Familiens hus, identifisere at brukar får rett teneste	x		Nyttas på alle nye familiar brukarar i 2023
2.	Innføre og vidareutvikle innhaldet frå Trygg Oppvekst og vidareutvikle samarbeid vedkommande Oppvekstreforma	x	x	Årleg evaluere samarbeid med Oppvekst

3.3.2. Helsetilbod for vaksne

- Dei kommunale, lågterskeltilboda til vaksne skal vidareutviklast, i tråd med nasjonale føringar, og i samarbeid med Hallinghelse. «Leve hele livet»
- Sjå punkt 4.3.4

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Utvikle Helsehuset i Hemsedal, koordinering av tenester til vaksne innanfor friskliv, psykisk helse og Frivilligsentralen.	x	x	Organisasjon og adm. med rutinar
2.	Starte opp med helse/- meistringsrelaterte lågterskelskurs i Hallingdal.	x	x	Kursplan 31/12

3.3.3. Omsorgstenesta for eldre

Omfattar fysiske og psykiske tenester til heimebuande og til dei som bur på institusjon

- Alle som oppheld seg i kommunen får naudsynte, forsvarlege og gode helsetenester
- Bidra til at innbyggjarar i kommunen kan bu i eigen bustad så lenge det er forsvarleg og hensiktsmessig
- Bruke heimebaserte tenester som basistilbodet i omsorgstenestene

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Prosjekt med USHT som gjeld implementering av velferdsteknologi	x		Utarbeide metode for implementering
2.	Vidareutvikle dagaktivitetstilbod for heimebuande demente, Inn på tunet og ordinære tilbod lovpålagt	x	x	Etablert innan 31/12
3.	Utvikle og lage nye rutinar kartlegging- og tildelingsteam av tenester	x		Etablert innan 31/12
4.	Implementere arbeidsmetoden TID på dementavdeling. Opplæring av tilsette i samband med dette	x	x	Etablert innan 31/12

3.3.4. Helsehuset

- Helsehuset er samorganisert med ressursar frå frisklivscentralen, frivilligsentralen og psykisk helse og rus.
- Helsehuset er eit heilskapeleg lågterskel helsetenestetilbod med fokusområde psykisk og fysisk helse.
- Det psykiske helsetenestetilbodet er organisert som eit lågterskeltilbod i tråd med helsedirektoratet sin definisjon av lågterskeltilbod til alle over 18 år
- Målretta miljøarbeid på individ og gruppenivå- til alle over 18 år
- Kursverksemd på gruppenivå- utvikle fleire kurs- til alle over 18 år
- Auka kunnskap om relevante tema innanfor psykisk helse og rus i tråd med lov om informasjonsdeling i befolkninga
- Helsefremmande og førebyggjande aktivitet og sosialiseringstiltak gjennom frivilligsentralen i befolkninga for alle
- Styrke interkommunalt samarbeid på psykisk helse og rusarbeid i Hallingdal med kommunane og spesialisthelsetenesta
- Vidareutvikle kommunalt psykososialt kriseteam med høg tverrfagleg kompetanse og kontinuitet
- Styrke ruskompetansen og erfaringskompetansen lokalt
- Etablere BUA (utstyrssentral) og frivilligheita for barn og unge
- Kontinuerleg utvikling av tilboda i tråd med samfunnsutvikling

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Vidareføra FACT (ambulante team) i samarbeide med Vestre Viken. Ein samarbeidsmodell for å stabilisere og behandle alvorlege, samansette og langvarige lidingar	x		Oppretting av faste møtepunkt, utvikling av samarbeid
2.	Utvide pårørandetilbod	x	x	Fleire tilbod
3.	Utvikle kursverksemd	x	x	Kontinuerleg
4.	Etablere rusførebyggjande team og heve kompetansen på rus lokalt	x	x	I løpet av 1.kvartal 2023
5.	Innhente erfaringskompetanse og brukarmedverknad	x	x	I løpet av 1.kvartal 2023
6.	Utvikle helsehuset og tilbodet i tråd med samfunnsutviklinga	x	x	Kontinuerleg

3.3.5. Legetenesta

- Fastlegeordning
- Legevakt
- Kommuneoverlegefunksjon med smittevern og beredskapsansvar
- Tilsynslegefunksjon ved Hemsedal Bygdaheim
- Legefunksjon knytte til Familiens hus

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Medarbeidarar som jobbar legevakt må gjennomføre Akuttmedisinsk kurs.	x	x	Lovpålagt kurs
2.	Leger som jobbar legevakt må gjennomføre Akuttmedisinsk kurs og resertifiserast kvart 5 år.	x	x	Lovpålagt kurs
3.	Fokus på fastlegekrise – oppretthalde stabilitet gjennom gode tiltak gf. spesialist utdanning og gode legevaktordningar.	x	x	Bli godkjent utdanningskommune. Gjennomgang av legevaktordninga med kommunane i Hallingdal.

3.3.6. Fysioterapi og ergoterapi

- Fysioterapitenesta er organisert med kommunalt tilsette fysioterapeutar og fysioterapeutar med driftstilskot.
- Fysioterapitenesta bidreg inn i skulehelsetenesta og kvardagsrehabiliteringsteamet
- Den kommunale fysioterapitenesta består av førebyggjande verksemd og av behandling, habilitering og rehabilitering i og utanfor institusjon
- Ergoterapitenesta blir drifta av ein ergoterapeut. Ergoterapitenesta bidreg inn i kvardagsrehabiliteringsteamet.
- Ergoterapitenesta sørger for aktiv deltaking, likeverd og inkludering gjennom å tilby personar heilskaplege hjelpemiddeltilbod.

- Vi skal tilpasse ressurstilgang og nivå på tenestene til brukarane sine behov. Tenesta skal bidra til at brukarane får høve til å ta vare på eiga helse og meistring
- Fysioterapi og ergoterapitenesta held til i midlertidig lokale

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Styrke ergoterapitenesta i tråd med helseutviklinga	x		
2.	Styrke og utvikle eit funksjonelt hjelpemiddelokale i tilknytning til Bygdaheimen – sett i system.	x	x	Rapport 31/12
3.	Forsvarleg utlån, bruk og vedlikehald av elektrisk hjelpemidlar	x		Vedlikehaldsplan
4.	Tilpasse ressursar for utgreiing og tilrettelegging slik at heimebuande kan bu lengre i eigen bustad og blir meir sjølvstendig i kvardagen	x		Rapport på inntening ergo 31/12
5.	Bygge lokalar tilpassa tenesta – ihht investeringsbudsjett		x	Flytte ut av banken
6.	Utvikle fysioterapitenesta etter helseutviklinga	x	x	Rapport 31/12

3.3.7. Bråtenjordet

- Tilby bustad og tenester til alle med behov for samansette miljøterapitenester. Samle tenestene i attraktive bufellesskap for å ivareta tryggleik og sosiale behov hjå brukarane
- Utvikle fag og egen kompetanse med blick utover egen avdeling. Vi har mye kompetanse som fleire kan dra nytte av. Det er også for å oppretthalde og skape spennande arbeidsplassar for dyktige fagfolk. Selje kompetanse til andre kommunar.
- Utvikle et profesjonelt samarbeid med oppvekst rundt barn med samansette behov. Mye behov i oppvekst

	Beskriving av tiltak	2024/ 2025	2026	Resultatindikator
1.	Planlegge og etablere dagtilbod / arbeid til brukar med samansette behov	x		Handlingsplan
2.	Utvikle fag og egen kompetanse med blick utover mot andre avdelingar/kommunar	x	x	Eigen drift – Kompetanseheving
3.	Utvikle eit profesjonelt samarbeid med oppvekstsektoren (barn med samansette behov)	x	x	Eigen drift – evt. driftstiltak

3.3.8. Koordinatorande eining/stab (KE)

- Auke samhandlinga innan habilitering og rehabilitering for menneske i alle aldrar
- Vidareutvikle dagaktivitetstilbod og sysselsetting for personar med utviklingshemming og andre brukargrupper i samarbeid med aktuelle instansar
- Koordinere tidleg innsats for barn og unge med funksjonsnedsetting
- Vere ein sentral aktør i kommunen sitt regionale og lokale lærings- og meistringsarbeid
- Etablere ulike rutinar/prosedyrar i stabsfunksjonen

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Kartlegge sårbarheita for ulike funksjoner i stab-etablere rutinar/prosedyrar	x		ROS innan første kvartal

2.	Betre samhandling omkring avlastningstilbod, kompetanse, bemanning og lokalitetar for åtferdsvanskar	x	x	Rapport 31/12
3.	Innarbeide «Inn på tunet» til både yngre og eldre personar med demens i tenestetilbod i kommunen og regionalt	x	x	Rapport 31/12
4.	Styrke koordinatorrollen og etablere visma-samspel/flyt	x	x	Årleg rapportering til HO-sjef
5.	Etablere saksbehandlingsteam med rutinar og kriteria for tildeling	x		Rapport 31/12
6.	Oppdatere kvalitet systemet med rutinar/prosedyrar	x	x	Rapportering 31/12
7.	Etablere rutinar/prosedyrar for dokumentasjon/tilgangar, delegering og avklare roller.	x	x	Reviderast halvårleg
8.	Gjere ein større kompetansekartlegging i etaten og vurdere behov for rekruttering- Kompetanseplan-heiltidskultur	x		Rapport 31/12
9.	Vurdere behov for fagutviklingsområder etter kartlegging og statlege føringar	x	x	Rapport 31/12

3.4. Mottak og busetjing av flyktningar

Frå 2023 vil arbeide med mottak og busetjing av flyktningar bli organisert i eit eiga ansvarsområde. Målet med organiseringa er auka fokus på å arbeide heilskapleg for å varig busette flyktningar. Fleire må i arbeid og aktivitet for å velje å bli buande i kommunen.

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Lage ein samla plan for flyktningforvaltning, med mål, strategiar og tiltak – flyktning som ressurs for lokalsamfunn	x		Ferdig Innan 31/12
2.	Andelen busette flyktningar i fast arbeid eller utdanning	x	x	50% rapporters i årsrapporten

3.5. Teknisk etat

Teknisk etat omfattar mange ulike fagfelt, som samla har ansvar for samfunns- og arealplanlegging, investering- og drift av kommunal infrastruktur, tilrettelegging for bustad- og næringsutvikling, samt ei rekkje forvaltningsoppgåver knytt til nemnde fagområde.

Hemsedal kommune har gjennomført, men står og ovafor store infrastrukturinvesteringar. Tenesteområda merker at dette sett press på økonomiske rammer parallelt med at drifts- og vedlikehaldsoppgåver aukar. Abonentane må belage seg på auka kommunale gebyr spesielt på sjølvkostområdet VA når kapital- og driftskostnadane for ny drikkevasskjelde ved Krikken vassverk, og ny VA-leidning mellom Tuv og Holdebakken kjem. Samstundes er investeringane i teknisk infrastruktur viktig for at kommunen skal nå måla og ligge i forkant av utviklinga slik ein ynskjer.

Det er stor investeringsvilje i privat næringsliv, spesielt innan hyttebygging og reiselivsutvikling. Areal- og samfunnsplanlegging må prioriterast for å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling.

Det vert arbeidd kontinuerleg med kostnadseffektiv drift i alle avdelingar. KOSTA tal viser at ein samla sett har ein god ressursutnytting,- samstundes ser ein og at kommunen og slit med ta ut økonomiske stordriftsfordelar. 10- dobling av innbyggjartal i deler av året merkast. Mange av

etaten sine tenester er i stor grad finansiert etter sjølvkostprinsippet noko som i mindre grad har innverknad på kommunen sine netto driftsutgifter. Sjølvkostregimet og medveten bruk av utbyggingsavtaler må brukast til investering i infrastruktur og danne grunnlag for kommunens tilrettelegging for busetjing, næringsutvikling og vekst. Auke i innbyggjartal, bustader, hytter og næringsbygg, og ikkje minst planer for vidare utvikling, set krav til auka ressursar, men og innovative måtar å drive forvaltning på. Nedskjeringar for å styrke budsjettet vil såleis ramme spesielt fagområda veg og eigedom. Ein ytterlegare reduksjon på desse områda vil redusere tenestene og auke vedlikehaldsetterslepet enda meir. Samferdselsløftet er viktig for å heve standarden, men og ivareta trafikktryggleik. Dette må også følgjast opp med auka drift/vedlikehaldsmidlar i tråd med anbefalingane i hovudplan veg. Ressursane til forvaltning av kommunal eigedom bør styrkast,- dette er nødvendig for å styrke vedlikehaldsplanlegginga og betre ressursutnyttinga parallelt med at ein gjennomfører større investeringar innan eigedom. Egedomsdrift med utviklingstiltak har ei stor innverknad på det «grøne skifte».

Ressurskrevjande grunnervervsprosessar saman med etterslep på forvaltningsoppgåver (investering/drift, kontroll/ tilsyn og eigedomsforvaltning), er krevjande – etaten klarer ikkje å følgje opp alle forvaltningsoppgåvene som vert forventa. Etaten har høg kompetanse, men mykje av kompetansen er konkurranseutsett og vanskeleg å halde på. Det er difor viktig å utvikle organisasjonen på ein måte som skapar trivsel og kompetansenettverk i høve behova.

Status og utfordringar:

- Balansere etaten sitt forvaltnings- og tenestetilbod i høve nasjonale og lokale forventningar med eigenkompetanse og ressursar i ei tid med auka innbyggjartal og kundekontakt.
- Rullere planar i takt med politiske mål. Identifisert motsetnad mellom gjeldande areal- og samfunnsdel skapar lite føreseielege handlingsrom for administrasjon og utbyggjarar
- Svært konkurranseutsett kompetansearbeidsplassar. Utfordringar med å rekruttere i vakante nøkkelstillingar for å sikre moment for gjennomføring. Krevjande å halde på, rekruttere og vidareutvikle eit godt fagmiljø innan etaten sine kjerneområde.
- Følgje opp kommunale investeringsplanar frå prosjektering til gjennomføring
- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid innan etaten sine fagområde som ledd i å betre service, halde på og vidareutvikle kompetanse.

Hovudmål:

Omsette overordna mål for samfunnsutvikling til praktisk handling og gjennomføring innfor tilgang på ressursar både administrativt og fysisk.

Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste to-årsperioden prioritere følgjande strategiar og tiltak innanfor desse tenesteområda:

3.5.1. Eigedom

- Årleg rullering og oppfølging av «Plan for vedlikehald og investering av eigedomsmasse» - som er ei statusoversikt med tiltak over kommunen sin totale eigedomsmasse til ein estimert anskaffingsverdi på rundt kr. 800 mill.

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Gjennomføre investering og drift i tråd med «plan for vedlikehold, investering og drift». Deldokument til handlings og økonomiplan.	x	x	Redusert energiforbruk, rapport effektivisering
2.	Prosjektkoordinering – gjennomføring av prioritert skule- og helseutbyggingar	x	x	Halde framdriftsplan og økonomisk ramme
3.	Gjennom naudsynte grunnerverv-prosessar sikre areal til bustadbygging, helse- og skuleutbyggingar	x	x	Framforhandla avtaler
4.	Sal av Båstø,- og utvikling gjennom «Strupa Gravset Hyttefelt AS»	x		Konsesjonshandsaming
5	Frå plan til handling – gjennomføring av tiltak «Bustadplan»		x	Eigen prosjektrapportering

3.5.2. Renovasjon, vatn- og avlaup

- Følge opp vedtekne kommunedelplanar for vassforsyning og avlaupsnett i høve mål og tiltak. Ta i bruk ny teknologi for å effektivisere drift og vedlikehold av VA.
- Følge opp vedteken avfallsstrategi hjå Hallingdal Renovasjon med kvalitetsheving av renovasjonspunkt.

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Gjennomføre vedlikehold, drift og investering i kommunale VA-anlegg i samsvar med hovudplan for vatn og avlaup 2018-2030	x	x	Rapport 31/12
2.	Ny driftskontroll for kommunale VA-anlegg – SD-anlegg med nytt FDV- og rapporteringssystem.	x	x	Rapport 31/12
3.	Gjennomføring av nytt vassbehandlingsanlegg på Krikken	x	x	Rapport 31/12
4.	Bygge nye overføringsleidningar for vatn og avløp mellom Holdebakken og Tuv	x	x	Rapport 31/12
5.	Drift av nytt vassverk på Krikken		x	Rapport 31/12
6	«Færre og større» - renovasjonspunkt – frå plan til gjennomføring – Gravset, Ershovd og Tuv	x	x	Sluttrapportar

3.5.3. Kommunale vegar

- Følge opp vedteken hovudplan for veg 2020-2027 i høve mål og tiltak.

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Gjennomføre vedlikehold, drift og investering i kommunale vegar i samsvar med hovudplan for veg 2020-2027	x	x	Rapport 31/12
2.	Trafikkavbøtande tiltak – i tråd med Trafikktryggleiksplan	x	x	Belysning gangfelt vegkryss, merking fartshumpar
3.	Etablering av gangveg/fortau m kryssingar i tråd med plan langs Kyrkjebøvegen	x		Ferdig før skulestart 2023
4.	Etablering av ny g/s-veg frå bustadområdet BU6-Fløgovegen	x	x	Ferdig etablert
5.	Realisering av ny bru over til Bruøyne – grunnlag for vidareføring av stigsystemet frå Bruøyne til Hugnadheim	x	x	Delrapportering K-styret

3.5.4. Matrikkel-, plan og byggjesak

- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid i Hallingdal
- Etablere, og rullere strategi for tilsyn 2022-2023
- Rullerande planstrategi - sikre samanheng mellom politisk forventningar og realistiske mål
- Stimulere tverrfagleg samarbeid i planprosess for å sikre ønska og føreseieleg føreseigner
- Effektivisere saksbehandling gjennom rutinar og systemgjennomgang på tvers av fag

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Basert på revidert tilsynsstrategi, auke tall tilsyn (stikkprøver) med fokus på avfallshandtering i byggesak og ulovleg bygggearbeid	x	x	Rapport 31/12
2.	«Prosjekt senger i næring» - oppfølging og kunnskapsformidling	x		Gjennomført informasjonsarbeid
3.	Gjennomføre planar i tråd med vedteke planstrategi	x	x	Rapport 31/12
4.	Gjennomføre planendring av BK II (Fiskumvegen) for å greie ut bustadpotensial	x		Ferdig regulert
5.	Frå «Smart fjellbygd» til omregulering av Trøym sentrum	x	x	Omregulert plan for Trøym innan 31/12
6.	Avklare mogeleg parallelle detaljreguleringsprosessar med rulling av arealdelen i Tuv, Trøym og Ulså med omsyn til bustad, barnehage og næringsbehov	x	x	Vedteke planprogram
7	Gjennomgang av rutinar og malar for saksbehandling - optimalisere sakshandsamingsprosessar			Effektivisere saksbehandling

3.5.5. Landbruk, miljø og næring

- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid i Hallingdal
- Følgje opp tiltak i næringsplan og Energi- og klimaplan

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Prosjekt «attraktivt sentrum» - driftsmodell som fjernar eigarlaust søppel, avklarar ønskja infrastruktur med grøntanlegg – Som del av «Smart fjellbygd»	x		Vedtatt org.modell – avtale på plass
3.	Auke tilsyn og kontroll i høve til driveplikt på jordbruksareal – oppfølging av prinsippsak	x	x	Årleg 100 dekar auke i aktiv drift plass
4.	Oppretthalde talet på miljøfyrtårnverksemder, og stimulere til minst fire nye «Miljøfyrtårnverksemder» i året	x	x	Tal nye sertifikat
5.	Nye renovasjonspunkt i tråd med strategi	x	x	Vedteke reguleringsplan, og nye grunneigaravtalar
6.	Kommunedelplan for Naturmangfald	x		Ferdig plan – handlingsplan 31/12 2023
7	Arbeid med handheving av buplikt – 0-konsesjon – stikkprøvekontroll, med utsjekk av matrikkel og folkeregister	X	X	Matrikkeldata mot folkeregister
8	Prosesstiltak for å fremje aktivitet i områder avsett til næringsareal	X	X	Intensjon- og grunneigaravtaler

7	Gjennomgang av rutinar og malar for saksbehandling - optimalisere sakshandsamingsprosessar			Effektivisere saksbehandling
---	--	--	--	------------------------------

Utvalde måleparametra for etaten.

Målområde	Indikatorer/ målemetode	Siste måling	Mål 2023	Mål 2026
Adressering	% vegadresser	2021	95 %	100 %
Oppmåling Matrikkel	Restanseliste	2021	Ingen restanse	Ingen restanse
Kommunale veger	Hovedplan veg/TS- plan		Viser til mål i plan	Viser til mål i plan
Tilsyn spredd anlegg	% tilsyn anlegg		Felles mål – KAV	Felles mål KAV
Tilsyn byggesak	Interkom. tilsynsordning	2021 - 5 tilsyn	Mål i tilsynsplan	Mål i tilsynsplan
Arealplanlegging - private planer	Saksbehandlingstid i tråd med forskrift	2021	100% inndekning	100% inndekning
Digitalisere byggesaksarkiv	Digitalisere arkiv med innsynsmodul		Vurdere forprosjekt	Gjennomført
Tiltak VA-anlegg	Hovedplan for vann og avløp		Rullering av plan	
Reinseeffekt fosfor kommunal anlegg	%- rensing	2021 Trøym RA (97,9) Ulsåk (96)	Trøym RA (98) Ulsåk (99)	Trøym RA (99) Ulsåk (99)
Reinseeffekt organisk stoff kommunal anlegg	%- rensing	2021 Trøym RA (97,9) Ulsåk (96)	Trøym RA (98) Ulsåk (99)	Trøym RA (99) Ulsåk (99)
Vassdragsovervåkning	Renseresultat på ulike parametere	2021	Oppfylle krav	Oppfylle krav
Drikkevasskvalitet	Krav til ulike parameter	2021- oppfylt	Oppfylte krav	Oppfylte krav
Oppfylle avfallskrav	Tiltaksplan		Oppfylle krav	Oppfylle krav
IK-Bygg - LAFT - Vaktmester Reinhald	Implementering og bruk	2020 - i bruk	Fullverdig bruk	Fullverdig bruk
Vedlikehald av kommunale bygg	Hovedplan FDV- dok	2022	70% av Holtenøkkel	90% av Holtenøkkel
Bu- og driveplikt	Kontroll gardskart, krav til langsiktige leigekontraktar, og uttrekk matrikkel/folkeregister	2017 og stikkprøver	100% leige kontrakter og gj.gang av fritakssøknader. Stikkprøver	100% leige kontrakter og gj.gang av fritakssøknader. Stikkprøver
Klima og energi	Reduksjon kommunalt energiforbruk (CO2e) - Reduksjon av totale klimagassutslepp i Hemsedal (CO2e)	217,7 tonn CO2 i 2021	< 200	<195
Miljø og friluftsliv	Handlingsplan FIFA		Fastsettes i ny FIFA- plan	Følger ny FIFA- plan
Miljø og vassforvaltning	Tiltaksanalysar for Hemsedal i Vassområdet Hallingdal	14 vass-forekomster	Redusert diffus avrenning	Ferdig tiltak Jordheimskanal
Offentlige tilsynsorgan	Ingen avvik/restanse frå dei ulike tilsynsorgana		Ingen restanse	Ingen restanse

4. INNOVASJON OG EFFEKTIVISERING

For å sikre ei berekraftig kommuneøkonomi og framleis økonomisk handlefridom i åra som kjem, har det lenge vært planlagt å gjennomføre ei grundig analyse av alle tenesteområda. I 2022 leverte Kaupang Agenda ei overordna analyse basert på KOSTRA-tal. Vidare arbeid har vorte utsett, men vil bli starta opp att i 1. kvartal 2023. Resultat av dette analysearbeidet vil bli lagt fram gjennom året, saman med forslag til nye driftstiltak.

I tillegg til resultata frå dette analysearbeidet vil Hemsedal kommune i økonomiplanperioden ha eit spesielt fokus på utvikling innan følgjande områder:

Bustadbygging

Kommunen er ikkje vore rigga for å vere proaktiv med eigne bustadprogram i tråd med bustadplan. Arbeid med organisering, ressursavklaringar og naudsynte planavklaringar er forsinka sidan ein har hatt eit etterspel innan andre kommunal infrastruktur og store utviklingsprosjekt innan oppvekst og helse. Samstundes ser ein at det er mange private planinitiativ som i løpet av 2 år mest truleg har sikra kommunen tilgang på over 300 bueiningar. Kommunen har eigen grunn som eignar seg for bustadutvikling, og reknar med å kunne realisere desse i 2023 – omfang 10-15 bueiningar - parallelle prosessar med behandling av bustadplan. Det kan vere mogeleg å realisere verdier til bustadføre mål (næring) på Ulsåk, eller område området Hugnadheim føresett reguleringsavklaringar i samband vedkommande spørsmål om sentralisering av barnehagane. Alternativ bruk av, og sal av kommunal eigedom og bygningsmasse vil truleg har ei positiv nettoverknad i kapitalrekneskapet på 10-30 mill i kommande 5 års periode.

Kommunale bygg

Bustadplan vil syne behov for bustadmasse og for ulike brukargrupper. FDV dokument for kommunale bygg ligg ved som vedlegg til økonomiplan, og syner underdekning av vedlikehalds- og utviklingsmidlar i høva tilrådd nivå av omsyn til LCC (levetid og livsykluskostnader). Det er viktig at kommunen ikkje vert sittande med gamal bygningsmasse utan effektiv bruk. FDV-dokumentet gjer ei vurdering av eigen bygningsmasse, samstundes vil ny bustadplanen gje svar på kva rolle kommunen bør ta for å dekke kommande behov. Mål: Redusere energi- og vedlikehaldskostnader, samt auke nytteverdi av bygga i kommunen.

Sentralskule – 3-1

Å samle 3 skular til 1 krev god kommunikasjon og prosessleiing og arbeidet med å utvikle eit felles skulemiljø. Ei samling av kompetanse vil styrke føresetnadane for betre ressursbruk og redusere sårbarheita. Målet med å etablere ein sentralskule har vore å yte betre skulefaglege tenester per innsett krone innan oppvekst, men samstundes redusere kostnadane innan sektoren. Effekten vert spesielt venta innan eigedomsdrift (meir rasjonelle areal å drifte/ kvm bygg), samt sparte lærarkrefter ved at ein kan organisere lærarstaben betre. Som tilstandsrapportar syner har kommunen fleire tilfelle med born som treng spesiell oppfølging – både 1-1 oppfølging, eller anna klasseinndeling. Bygningsmassen i dag hindrar skuleeigar i å slå saman klassar, og optimalisere etter krav om pedagogtetttheit. Med fleksibel klasseromstilpasning vil ein kunne sette saman bruken av faglærarar og assistent på ein meir effektiv måte. Tilsvarande vil ein kunne gå frå 3

rektorar til ein, men ein må tilsetje dagleg leiar av SFO på grunn av totale elevtalet. I budsjett og handlingsprogram 2023-2026 er det lagt inn ei innsparing på 3,8 mill (heilårsverknad) som resultat av samanslåing.

Oppvekstreforma legg til grunn at samordning av tenester vil vera ressursparande på sikt. Det er vanskeleg å talfeste administrative og økonomiske konsekvensar av samarbeid. Særleg i oppstarten med å utvikle ein felles samarbeidskultur i kommunen vil krevje ressursar. I denne fasen kan ein ikkje tilrå innsparing på administrasjonen. Fokuset vert å etablere eit velfungerande system av samordning av tenester mellom helse, oppvekst, PPT og barnevern. Det er eit vanleg anslag på landsbasis at 15-25% av barna vil trenge særlege tilpassingar. Om lag 7% av barn i førskule og skulealder har symptom som er foreinleg med psykisk lidning og 1-3% vil ha intensive individuelle tiltak. Det er eit klart potensiale å styrke samarbeidet rundt barn og unge.

Barnehageanalyse

Etter gjennomført sentralisering av skulen skulle dei gamle oppvekstsentera bli reindyrka barnehagar. Det har vore venta at drift av barnehagane etter ombygging vil kunne inneha ei innsparing i høve pedagognorm og eigedomsdrift, der ein kan gå bort frå kostbar modulleige. Arbeidet med rom/ funksjonsanalyse for ombygging av Ulsåk barnehage er gjennomført, men kvalitetssikring og vurdering av eigedomsmessige tilpassingar manglar. Så langt kan ein seie at ombygging uansett vert kostbar, både på Ulsåk og Tuv. Det er utarbeida ei moglegheitsanalyse for barnehagane i Hemsedal, der ein har sett på ulike alternativ for framtida. Konklusjon til kommunestyret er at ein må greie ut Ulsåk og Tuv barnehage vidare som framtidige barnehagar i form av ein behovsanalyse som er dekkande i forhold til å oppretthalde Tuv og Ulsåk som separate barnehagar. Det er avsett midlar til å gjennomføre ei slik analyse. En slik analyse bør gjennomførast av eit eksternt fagmiljø. Analysen skal minst ta inn over seg gjenbruk av eksisterande areal, eventuelt nybygg av areal som ikkje er eigna til gjenbruk. Analysen må syne behov fram til 2040, og kor raskt ein barnehageutbygging kan gjennomførast/ferdigstillast. Analysa må og legge fram en plan for tida fram til ferdigstilling av ny permanent løysing, som vurderer kvalitet på løysingane og økonomisk perspektiv.

Velferdsteknologiprojekt

Velferdsteknologi nyttast til innbyggjarar i alle alder, tilpassa brukarane sine behov. Med samhandlingsreforma, og kommande eldrebølge får kommunen meir ansvar for å levere tenester til fleire brukarar med samansette behov. Målet med velferdsteknologi er å skape ein tryggare og enklare kvardag for både brukarar, pårørande og omsorgspersonell. Innføring av velferdsteknologi sett krav til organisasjonsutviklingsprosessar og kompetanseløft i heile organisasjonen. Kommunane i Hallingdal har sett verdien av å stå saman om å implementere velferdsteknologi sidan behova er felles. Mange av løysingane er avhengig av IKT-løysningar, og felles IKT-infrastruktur i Hallingdal gir synergjar. I Hallingdal har ein spesielt hatt fokus på desse 6 tiltaksområda.

1. Varslings- og lokaliseringsteknologi
2. Elektronisk medisineringsstøtte
3. Elektroniske dørlåser
4. Digitalt tilsyn
5. Oppgraderte sykesignalanlegg/ pasientvarslingssystem
6. Logistikk-løysing for meir optimale køyreruter og betre kvalitet på tenesta

Erfaringane syner klart at dette ikkje er eit klassisk teknologiprojekt, men ei organisasjonsutvikling med prosessendringar, kommunikasjon og tenestedesign og gevinstplanlegging som sentrale element. Prosjektet handlar med andre ord ikkje berre om å rulle ut teknologiske løysningar, men òg sikre forankring, lokalt eigarskap, kommunikasjon, brukarmedverknad, og kompetanseheving for å ta ut maksimal gevinst. Ei vellukka «innføring» vil spare lønnskostnadar, og det er venta at gevinstane vert meir synleggjort i slutten av økonomiplanperioden. Gevinstane gjeld sparte kostnadar, betre kvalitet og sparte tidsressursar.

Resultat av ei vellukka innføring av planlagt velferdsteknologi i Hemsedal vil etter dagens behov innan sjukeheim, heimetenesta, og ressurskrevjande brukarar på sikt utgjere reduksjon i tall årsverk og i årlege kostnadar. Sidan auken i behova er stigande vert den økonomiske gevinsten vanskeleg å syne i framlegg til budsjett. Nøkkelpersonar innan fag- og leiarskap må få frigjort tid til gjennomføring av velferdsteknologi i Hemsedal. Eit viktig suksesskriterium er å sikre ressursar til gode innføringsprosessar slik at ikkje gevinstrealisering av arbeidet vert hindra. Etterfølgjande samanstilling/ modell er eit forsøk på å syne korleis oppgåvene i prosjektarbeidet går.

IKT og tenesteutvikling

Standardisering av IKT drift har vore blant fokusområda til kommunane i Hallingdal. Kommunedirektøren vurderer at fokus på IKT drift aleine, ikkje gir store gevinstar. Det er eit ønske om ei framtid der ein kan ta steget fullt ut og fokusere på tenesteutvikling der digitale løysingar vert ein del av heilheita. At prosjekta fokuserer på alle sider ved ei slik fornying slik at endringar vert gjennomført med høg fokus på gevinstrealisering, endringsarbeid og kultur bygging. Kommunedirektøren meiner ein annan organisering og mandat for ein fellesfunksjon i Hallingdal må vurderast for samarbeidet innan IKT og digitalisering.

Samspill mellom politikk og administrasjon

I en verden med økende gap mellom tilgjengelige ressurser og forventede ytelser innen kommunal forvaltning, er nye oppgaver, endrede rammebetingelser og økt krav til dokumentasjon et utfordringsbilde som krever god samhandling mellom politikk og administrasjon. Fornyelse av offentlig sektor med krav til rendyrking av roller, effektivisering og modernisering, ønsker kommunedirektøren sette fokus på dette samspillet. Det vil organiseres er møtepunkt mellom leiargruppa i Hemsedal kommune og formannskapet 2 ganger i året, der ulike tema skal drøftes, med et formål å spele kverandre gode.

Strukturutval

Resultatet frå arbeidet til strukturutvalet er forventa avslutta i 2023. Det som kommunestyret vedtek som ny politisk organisering, er ikkje innarbeida i budsjett og økonomiplan. Reduksjon i tal på medlemmar i kommunestyre og formannskap og tal på utval, vil kunne gje innsparingar.

5. GJENNOMGRIPANDE FOKUSOMRÅDER

Overordna heilskapleg system for verksemdsstyring og internkontroll har stått på ønskelista til kommunen i mange år. Dette vil være eit system som innehar modular som analyse,

planleggingsverktøy, mål og resultatstyring, internkontroll, budsjettering og rapportering. Vi ser føre oss at løysinga også er skybasert og integrerbart med kommunen si nettsideløysing.

Tenesteinnovasjon er viktig og vil skape bedde tenester for de tilsette og innbyggjarane i Hemsedal kommune. Utgangspunktet er brukaranes faktiske behov og lager tenester saman med brukarane, og ikkje berre for dei. Ei slik tilnærming vil gi nøgde innbyggjarar, trivsel i arbeidskvardagen for dei tilsette og gevinstar for kommunen som tenesteleverandør. Det er foreslått å rekruttere nye ressursar som skal jobbe dedikert med dette området. Det vert aktivt søkt om å bruke KS sitt vegkart for tenesteutvikling som verktøy.

Ein overordna beredskapsplan er eit av dei viktigaste virkemidlane i kommunen si oppfølging av kommunal beredskapsplikt. Ein slik plan skal hjelpe kommunen å leie kommunen si krisehandtering om det inntreff uønskt hendingar. Sommaren 2022 vedtok kommunestyre ein revidert overordna beredskapsplan for Hemsedal Kommune. Det vert gjennomført ein forvaltningsrevisjon av området beredskap der det er forventa ein rapport i løpet av fyrste kvartal 2023.

Informasjonssikkerheit er ein føresetnad for god utvikling av tenester til innbyggjarane i Hemsedal. Informasjon vert gjerne handsama i eit samspel mellom menneske, prosessar og teknologi. Arbeidet med informasjonssikkerheit handla om å sikre informasjonsbehandling som inngår i oppgåver og tenester. Det handlar om å sikre informasjonssystema som vert nytta – inkludert digitale tenester, IKT-system og komponentar som inngår i IKT-system. Det handlar om å legge til rette arbeidsoppgåver (prosessar) slik at det er enkelt for menneske å utføre oppgåvene sine med god sikkerheit. Det handlar om å sikre tilstrekkeleg kompetanse hos de som utfører oppgåver for verksemda og å jobbe for ein kultur som understøtter arbeidet med informasjonssikkerheit. IKT Hallingdal jobbar kontinuerleg med å auke sikkerheita til alle system og verktøy som dei tilsette i kommunen nyttar i det daglege. Det vert jobba målretta med å auke bevisstheita rundt tematikken blant alle tilsette.

Folkehelsearbeid er samfunnets totale innsats for å oppretthalde, betre og fremme folkehelsa. I dette ligger nødvendigheita av å styrke verdiar som gir det enkelte individ og grupper moglegheiter for ansvar, delaktigheit, solidaritet, meistring og kontroll over eiga liv og situasjon. Hemsedal Kommune har i 2022 lagt frem en rapport på status folkehelse for kommunens innbyggjarar, der utfordringar og moglegheiter er beskrive. Kommunen ønskjer å etablere ein funksjon som folkehelsekoordinator anten saman med dei andre kommunane i Hallingdal og/eller i eigen regi.

6. MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

Prioriterte områder

Medarbeidarperspektivet er grunnleggjande for å oppnå av dei 4 prioriterte tiltaka i handlingsprogrammet (bustad, arbeidsmiljø, klima og miljø, samt berekraftig økonomi). Hemsedal kommune skal fremme inkludering, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle. Revisjon av arbeidsgivarstrategien som er planlagt ferdigstilt innan utgangen av 2022 skal definere ein

arbeidsgivarpolitikk som gir kommunen sine politikarar, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde/verneteneste ein felles målsetting og retning for systematisk å møte kommunen sine utfordringar.

Som arbeidsgivar står Hemsedal kommune overfor følgande hovudutfordringar i år som kjem:

- Vår evne til å rekruttere, utvikle og halde på medarbeidarane
- Vår evne til å jobbe systematisk for ein felles identitet og kultur, og med å ivareta tilliten til kommunen
- Vår evne til å digitalisere og drive tenesteutvikling

Leiargruppa har ansvaret for å legge til rette for at arbeidsgivarpolitikken vert implementert i heile organisasjonen. Det vert lagt opp til ein årleg politisk rapportering frå administrasjonen med relevante måleindikatorar og nøkkeltal om utviklinga innanfor arbeidsgivarpolitikken sine områder. Systematisk rapportering innanfor fagområdet vil bidra til auka fokus på eit strategisk nivå og aukar moglegheitene for at kommunen skal lykkes i sitt arbeid.

Heiltidskultur

Omfanget av deltidstillingar er ei utfordring for heile Noreg, og arbeidet med å etablere ein heiltidskultur er eit satsingsområde både nasjonalt og lokalt i Hemsedal. I det sentrale oppgjeret i 2020 har partane i arbeidslivet inngått ein forpliktande avtale om å arbeide med heiltidskultur. Dette forsterkar ytterlegare insitament for lokalt å arbeide med temaet.

Måleindikatorar og nøkkeltal som mellom anna «Gjennomsnittleg stillingsstorleik» synleggjer i kva grad Hemsedal kommune går i retning av å få etablert ein heiltidskultur. Måleindikatorar og nøkkeltal vil bli rapportert på i årlege rapportering på HR-området.

Kompetanseutvikling

Hemsedal kommune har ein høg andel tilsette som har fagutdanning eller høgare utdanning. For å nå ein foreløpig ambisjon om 85 % tilsette yd tilsvarande utdanning, må det satsast på å rekruttere, utvikle og halde på relevant og kompetent arbeidskraft. Kommunen si tilrettelegging for lærlingar fortset i 2023, og målet om 1 lærling per 1 000 innbyggjarar sjåast på som realistisk å nå. Budsjettet er tilpassa dette målet. Parallelt med kommune si satsing på formell kompetanseutvikling, må kommunen ha evne til å omstille og fornye seg i tråd med forventningane om effektive og kvalitative gode tenester.

Organisasjon- og leiingsprogram for leiarar i kommunen, som har oppstart i 2023 skal ha fokus på kulturbygging, identitet og å skape ei felles retning for kommunen. Det har blitt innført mange nye digitale løysningar og programmar, og i året som kommer skal det satsast på administrativ leiaropplæring i kommunen sine fagsystem, nye prosessar og rutinar. Innovasjon og digitalisering i tenesteutvikling og oppgåveløysing påverkar arbeidsgivarrolla og forventningane til medarbeidarane. For å møte framtidens utfordringar må organisasjonens innovasjonsevne styrkes.

Arbeidsmiljø og nærværarbeid

Hemsedal kommune skal legge til rette for at medarbeidarar og leiarar skal kunne utføre jobben sin og trivast. Medarbeidarar og leiarar har eit felles ansvar for eit godt arbeidsmiljø og arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS). Kommune har ein foreløpig ambisjon om et sjukefråvær på 6 % eller lågare. Måleindikatorane for sjukefråvær på kommunenivå og de differensierte måltala for

sjukefråværet for den enkelte verksemda bidreg til auka fokus på nærvær- og sjukefråværsarbeidet. Det skal etablerast rutinar for sjukefråværsrapportering for kvar enkelt verksemdsleiar som skal rapportere for kvar enkelt verksemd. Dette for å styrke fokuset på nærværarbeidet. Det skal arbeidast systematisk med å redusere sjukefråværet med fokus på sjukefråværsoppfølging og det førebyggjande arbeidet.

Endring og omstilling

Stabilitet og føreseielege vilkår i den økonomiske politikken gir grunnlag for god kvalitet i tenestene, nøgde brukarar, innbyggjarar og tilsette. Det vil vere nødvendig med effektivisering og omstilling for å kunne oppretthalde den økonomiske berekrafta i perioden framover. Planlagt analyse av alle delar av organisasjonen og dei enkelte verksemdene som skal gjennomførast i 2023 vil gi ei føring for kva endringar som må gjennomførast i organisasjonen. Det vil også legge føringar for nødvendige innstrammingar i budsjettperioden.

Sosiale møtepunkt

Det planleggast for to sosiale arrangementet i året, som eit tilbod til alle ansatte i Hemsedal Kommune. Ein sommarfest og eit julebord, der vi samlast til felles hygge og gode samtaler. Det vil bidra til å byggje opp under og bidreg til eit felles arbeidsmiljø.

	Beskriving av tiltak	2023	2024	Resultatindikator
1.	Implementering av revidert Arbeidsgivarstrategi	x	x	Årsrapport
2.	Implementering av e-signering, sikker pålogging - personal	x		Årsrapport
3.	Gjennomgang av kommunen si arbeidsgivarstrategi i samband med folkevaldopplæringa for å få ei god forståing av kvarandre sine roller.	x	x	Gjennomføring etter valget 2023 Årsrapport
4.	Eiga «årshjul» som styrer den formelle samhandlinga mellom politikk og administrasjon.	x	x	Publisering heimeside
5.	«Strukturutvalet» - implementering evt endringar vedtak kommunestyre	x		Årsrapport
6.	Gjennomføre analyse av organisasjonen – Etat/virksomheter	x		Eigen rapport til kommunestyre
7.	Gjennomføring av KS - 10 faktor medarbeidarundersøking.	x	x	Årsrapport
8.	Overordna mål om at sjukefråvær ikkje skal overstige 6 %.	x	x	Tertial og Årsrapport
9.	Publisering av alle relevante planer, retningslinjer og rettleiingar i ny drakt på intranett på teams	x		Publisering Teams
10.	Utarbeiding av rekrutteringsstrategi for heile kommunen	x		Årsrapport

7. BUDSJETT- OG ØKONOMIPLAN

Det følgjer av grunnleggjande krav i kommunelova at budsjett og økonomiplan skal setjast opp i balanse. Dersom kostnadane er høgare enn inntektene kan ein balansere med bruk av ubundne fond. Det vil seie bruk av disposisjonsfondet i driftsrekneskapen og investeringsfondet i investeringsrekneskapen.

Etter innføring av handlingsregel knyta til eigenfinansiering av investeringar i juni 2022 og budsjettendringar nr. 1 og 2. i 2022, vil disposisjonsfondet vere redusert til måltal på ca. 30 mill. ved inngangen til nytt budsjettår og investeringsfondet vere nytta i sin heilheit. Bevillingar i den kommande økonomiplanperioden bør difor ikkje belaste disposisjonsfondet ytterlegare.

7.1. Føresetnader budsjett

Finansielle måltal og handlingsregel

Hemsedal kommune har etablert finansielle måltal for netto driftsresultat, disposisjonsfond og gjeldsgrad.

Dei finansielle måltala må sjåast i samanheng over tid, og er difor ikkje kvar for seg å anse som absolutte mål innanfor kvart enkelt budsjettår.

- Netto driftsresultat: 1,75 % av driftsinntektene over tid
- Disposisjonsfond: 8 % av driftsinntektene
- Gjeldsgrad: 75 %

Handlingsregel vedteke i k-sak 60/2022):

Hemsedal kommunen har ei langsiktig målsetting om at gjeldsgraden ikkje skal overstige 75 % over tid for å unngå at for store lånekostnader overlatast til kommande generasjonar og svekker tenestetilbodet.

For å redusere låneopptaket så langt det lar seg gjere, skal avsetjingar til investeringsfond ved sal av anleggsmidlar gå uavkorta til bruk for reduksjon av låneopptak same år. Når disposisjonsfondet etter årleg bruk og avsetjingar er høgare enn måltalet på 8 % av driftsinntektene, skal det overskytande gå til reduksjon av neste års låneopptak dersom ikkje det er spesielle forhold som tilseier at det er behov for å auke disposisjonsfondet.

Frå og med 2023 og så lenge gjeldsgrad er høgare enn måltalet på 75 % skal nye investeringar finansierast over drift med minimum 50 % av årlege inntekter frå eigedomsskatt.

Måltal og handlingsregler skal innarbeidast i nytt økonomireglement. Sjølv om arbeidet med nytt økonomi- og finansreglement framleis ikkje er ferdig grunna høg arbeidsbelastning, er måltala og handlingsregelen grunnleggjande føresetnader i økonomiplan 2023-2026. Samstundes sørgjer gamalt reglement og etablert praksis for at kommunen ikkje tek vesentleg finansiell risiko i tråd med intensjonen i lova.

Bruk av fond

Pr 1.1.2022 hadde Hemsedal kommune eit disposisjonsfond på 114,5 mill. I tråd med ny handlingsregel og budsjettendringar vil fondet vere redusert til måltalet rundt 30 mill. ved årets slutt i 2022.

I framlegg til økonomiplan vil 14,4 mill. i avsetjing til disposisjonsfondet i 2023 bli nytta til å balansere budsjettet med 10,6 mill. i 2024, 2 mill. i 2025 og 3,3 mill. i 2026.


Ubundne investeringsfond var pr. 1.1.2022 på 2,99 mill. Desse midlane vil bli nytta i 2022 for å redusere årets låneopptak. I tråd med ny handlingsregel vil avsetjingar til investeringsfond ved sal av anleggsmidlar gå uavkorta til bruk same år for å redusere låneopptak.

Budsjettert sal av eigedom på til saman 9,0 mill. ligg til grunn for budsjettert bruk av ubunde investeringsfond i 2023.

Befolkningsutvikling

Framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 bygger på føresetnad om framleis vekst i befolkninga i Hemsedal.

I tidlegare år har SSB si prognose for høg vekst vært nytta som utgangspunkt. Når SSB la fram nye tal for befolkningsframskrivingar i juli 2022 hadde dei innarbeida ei ekstraordinær høg vekst i 2022 og 2023 som følge av flyktingstraum frå Ukraina. Med lågare tal for busetjing av flyktingar kan ikkje Hemsedal kommune vente å sjå den same veksten lokalt. Samstundes har kommunen for tiden bustad- og tomtmangel, særleg i dei lågare prissjikt. Slik at noko av veksten er venta å gå til nabokommunar med lågare bustadprisar. SSB si prognose for medium vekst er difor nytta som utgangspunkt, med nokre korrigeringar i dei to fyrste åra.



Pr. 1.1 2022 var det 2611 personar folkeregistrert i Hemsedal kommune. Befolkningsutviklinga i budsjett og økonomiplan 2023-2026 legg til grunn ei vekst på 65 personar (2,6 %) i 2022, 86 personar (3,3 %) i 2023, 74 personar (2,7 %) i 2024 og 46 personar (1,7 %) i 2025 og 39 personar (1,4 %) i 2026. Det betyr at Hemsedal vil ha 2888 personar folkeregistrert i kommunen pr. 1.1.2027.

Folketalet for Hemsedal pr. 25. okt. er 2625 personar.

Aktivitetsnivå og tenestetilbod

Framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 bygger forøvrig på føresetnaden av at den kommunale aktiviteten i Hemsedal kommune frå 2022 skal fortsette med dei prioriteringane som vart gjort i samband med førre økonomiplan og endringar i 2022.

Eventuelle endringar i aktivitetsnivå og tenestetilbod vil følgje av analysearbeid som startar opp 1. kvartal 2023 og vil halde fram utover i året.

Frie inntekter

Framlegg til budsjett og økonomiplan 2023-2026 legg til grunn frie inntekter berekna frå KS sin prognosemodell. Anslag skatteinntekter følgjer befolkningsutviklinga i tillegg til ei lokal justering på 1 % utover nasjonal vekst. Det er moderate justeringar grunna uvisse knytt til den økonomisk utviklinga med høge renter, høge straumprisar og anna prisvekst.

Eigedomsskatt med innføring av botnfrådrag

Inntekt frå eigedomsskatt er ein del av kommunen sine frie inntekter, og skal nyttast til å finansiere tenestetilbodet på lik linje med andre frie inntekter.

Som følgje av store investeringsbehov står Hemsedal kommune ovanfor ei betydeleg auke i låneopptak, med påfølgjande auke i rente- og avdragskostnader. For å sikre økonomisk berekraft, tilstrekkelege midlar til tenesteleveransar og upårekna hendingar, og framleis økonomisk handlingsrom, må låneopptak reduserast så langt det lar seg gjere.

Reduksjon av framtidige låneopptak skal mellom anna gjerast ved hjelp av eigenfinansiering av investeringar gjennom overføring frå drift. Etter ny handlingsregel skal eigenfinansiering av investeringar gjennom overføring frå drift tilsvare 50 % av inntekter frå eigedomsskatt. I budsjett og økonomiplan 2023-2026 legg vi til grunn 15 mill. i årlege overføringar frå drift til investeringar.

Av eigedomsskattelova § 10 følgjer at kommunestyret under budsjettbehandlinga skal treffe vedtak om kva satsar og reglar som skal nyttast for det komande skatteåret. Som utgangspunkt for arbeide med økonomiplan 2023-2026 var ei vidareføring av skattesatsar på dagens nivå med 2 promille for bustader og fritidsbustadar og 7 promille for næring (inkl. kraft) ynskeleg. Med naudsynt overføring til investeringar vil det derimot vere behov for å auke promillesatsen i kommande år.

For å dempe den økonomiske belastninga for hushaldingar med strammare økonomi i ei tid med høge renter og høge straumprisar, i tillegg til utsiktar til ytterlegare auke i andre kommunale gebyr i åra som kjem, vil Hemsedal kommune i framlegg til budsjett og økonomiplan 2023-2026 innføre botnfrådrag for eigedomsskatt med kr 1 million pr. bueining.

Framlegg til budsjett og økonomiplan inneber difor at eigedomsskattesatsen på bustader og fritidsbustader aukar med til 3 promille i 2023 og 4 promille i 2025 og 2026. Med eit botnfrådrag på 1. mill. kr pr. bueining er inntekt frå eigedomsskatt førebels berekna til å verte redusert med 2,3 mill. i 2023. For åra 2024 til 2026 er inntekt frå eigedomsskatt førebels berekna til å auke med 3,5 mill. frå dagens nivå.

Eit botnfrådrag av slik storleik gjev ei fordelingsverknad med bustadsosial profil og moglege positive miljømessige gevinstar. Samstundes aukar fleksibiliteten i skattlegginga og kommunen nyttar betre sitt inntekspotensiale.

Eigedomsskatten for ein moderat bustad/fritidsbustad med takst på 3 mill. vil gå ned frå kr 4200 med skattesats på 2 promille, til kr 3300 med botnfrådrag på 1 mill. og skattesats på 3 promille i 2023.

Sal av kraft

Pr. november er prognose for inntekt frå sal av kraft på 69,75 mill. i 2023. For åra 2024-2026 legg kommunen til grunn eit tilnærma normalnivå med 12 mill. i inntekt frå sal av kraft kvart år.

Kommunen har kraftrettar tilsvarande (2019):


Konsesjonskraft ≈ 34,9 GWh

Andelskraft ≈ 17,5 GWh

Andre inntektsføresetnader

Det ligg inga generelle KPI-regulering til grunn for anna inntektsauke eller prisvekst. Det blir gjort eigne vurderingar på kvart enkelt område opp mot KPI, retningslinjer, aktivitet og befolkningsutvikling.

Når det gjeld auke i inntekter frå eigedomsskatt og gebyr (VAR) er det lagt til grunn ei prognose for nye bustader og fritidseiningar basert på faktiske utbyggingsplanar. I planperioden er talet justert ned frå ca. 1000 til 6-700 nye einingar grunne venta lågare byggeaktivitet som følgje av høgare økonomisk uvisse. Prognose pr. år for nye bustader og fritidseiningar er illustrert i grafen under.



Løn og pensjonsutgifter

Lønsbudsjettet er berekna ut i frå vedteke heimlar. I tillegg kjem prosjektstillingar som er finansiert med bruk av bundne fond eller andre budsjetterte tilskot der desse er kjende.

	Hjemler			Hjemler		
	år 2021 før tiltak	Tiltak 2021	Tiltak 2022	Tiltak 2022	B2023 før tiltak	Sum endring dei siste åra
Administrasjon	21,66	1,40	0,05	0,00	23,11	1,45
Oppvekst	89,01	10,60	7,90	-0,35	107,16	18,15
Helse og omsorg	80,52	8,17	3,00	5,90	97,59	17,07
Teknisk	35,32	2,20	0,03	0,97	38,52	3,20
Sum	226,51	22,37	10,98	6,52	266,38	39,87

Andre stillingar som ikkje er heimla har ikkje budsjett og vil følgjeleg føre til meirutgift dersom slik løn blir betalt ut. Dersom det er avvik mellom dei ressursane som den normale tenesta krev og dei heimlane som er gjeve må dette komme som innspel til budsjettprosessen.

Vikarløn og fødsels- og sjukepengerefusjonar er berre berekna inn i budsjettet der desse er kjende. Det same gjeld vikarutgifter i samband med utdanning, og tilskot knytt til desse.

Berekna lønsjusteringar i 2023 og lønsoppgjer for resten av økonomiplanperioden er frå 2023 berekna inn i verksemdene sine rammar. SSB si prognose for årslønsvekst er lagt til grunn, med 4,4 % i 2023 (3,1 % frå mai), 3,9 % i 2024, og 3,7 % i 2025 og 2026.

Pensjonskostnadane er basert på budsjett frå KLP og SPK pr. september 2022.

Fellesordningen	14,4 % (mot 14,64% i 2021)
Sykepleierordningen	15,15 % (mot 15,56 % i 2021)
SPK (lærarar)	9,76 % (mot 10,8 i 2021)

For KLP er samla kostnad på 14,54 % nytta som grunnlag for berekningar i budsjett og økonomiplan.

Kostnader til kjøp av varer og tenester

Det er korrigert for prisvekst der faktiske prisjusteringar er avtalt og kjende. I tillegg er det korrigert noko på områdar der prisveksten har vore ekstraordinær høg.

Refusjon ressurskrevjande brukarar

Staten har dei seinaste åra auka den kommunale eigenandelen for tenester til ressurskrevjande brukarar. I forslag til statsbudsjett for 2023 er innslagspunktet vidareført på 1.480.000 kroner.

Ein evt. tilleggskompensasjon til små kommunar med høge utgifter til ressurskrevjande tenester er så langt ikkje budsjettet grunna uvisse rundt kriteria for høge skatteinntekter.

Renter og avdrag

Rentekostnad på lån er rekna ut frå budsjettrente frå KBN, basert på Norges banks anslag, med følgjande rentesatsar:

4,55 % i 2023
4,50 % i 2024
4,35 % i 2025
4,25 % i 2026

Med føresetnad om at opptak av lån skjer mot slutten av året.

Avdrag er rekna ut frå 30 års avdragstid på kommunale innlån.

Startlån – utlån til etablering eller refinansiering

Ordninga med startlån skal bidra til at personar med langvarige problem med å skaffe seg bustadfinansiering kan skaffe seg eigna bustad og behalde denne.

Kommunen er ein viktig aktør for å vurdere behov og ev. gje startlån der lånsøkar ikkje får lån eller tilstrekkeleg lånebeløp i ordinære kredittinstitusjonar.

Basert på aktiviteten i 2022 og saldo unytta lånemidlar ser ikkje administrasjonen at det er behov for opptak av nye lånemidlar i 2023.

Busetting av flyktningar:

Budsjett og økonomiplan 2023-2026 legg til grunn at det blir busett 15 flyktningar kvart år ut planperioden. Dette gjev inntekt i form av integreringstilskot, men samstundes også plikt til å tilby introduksjonsprogram til dei vaksne og skuletilbod til dei yngre. For 2022 er det planlagt busett 30 flyktningar.

7.2. Interkommunale samarbeidsavtalar (IKS)

Hemsedal kommune nyttar 47,2 mill. i 2023 til interkommunale samarbeidsavtalar. Det er 5,7 mill. meir enn året før og gir ein vekst i kostnadane på 13,6 %.

Hemsedal kommune har gjennom åra hatt den største høvevise folketalsveksten i Hallingdal. Med folketal som ei hovudfordelingsnøkkel for mange av dei interkommunale samarbeida, betyr dette at Hemsedal sin del av dei totale kostnadane aukar.

